

**Fylkesmannen
I
Rogaland**

Årsrapport 2004

INNHALD

Innleiing	3
1. Økonomi og administrasjon	3
2. Sentrale politiske føringar	6
3 Dei einiskilde resultatområde – inndelte etter departement.....	11
MILJØVERNDEPARTEMENTETS RESULTATOMRÅDE	11
LANDBRUKSDEPARTEMENTETS SINE RESULTATOMRÅDE	15
UTDANNINGS- OG FORSKINGSDEPARTEMENTET SINE RESULTATOMRÅDE	27
BARNE- OG FAMILIEDEPARTEMENTET SINE RESULTATOMRÅDE	34
JUSTISDEPARTEMENTETS SINE RESULTATOMRÅDE.....	39
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENTETS SINE RESULTATOMRÅDE.....	41
OPPGÅVER UNDER HELSEDEPARTEMENTET OG SOSIALDEPARTEMENTET – OPPDRAG FRÅ STATENS HELSETILSYN OG SOSIAL- OG HELSEDIREKTORATET	43
KULTUR- OG KYRKJEDEPARTEMENTET SINE RESULTATOMRÅDE.....	49
UTANRIKSDEPARTEMENTET SINE SAKSOMRÅDE	49

ÅRSRAPPORT 2004

FYLKESMANNEN I ROGALAND

Innleiing

Fylkesmannen i Rogaland legg med dette fram årsrapport for 2004 i samsvar med rapporteringskrav i embetsstyringsdokumenta og i tildelingsbrev for 2004 og 2005.

Rapporten er fylkesmannens tilbakemelding med omsyn til aktivitetar og oppnådde resultat i 2004 i høve til dei mål og forventningar departement og direktorat har stilt til embetet i tildelingsbrev for 2004.

Rapporten gjev først ei tilbakemelding på administrative tiltak og statistikk. Deretter er det i kap.2 gitt kort "tilstandsrapport" eller rapport på overordna politiske føringar for rapporteringsåret.

Framleis skjer det ei vesentleg dobbeltrapportering ved at det blir stilt særskilde rapporteringskrav i tillegg til årsrapport. På nokre område viser til meir detaljerte rapportar som er sende til fagdepartement eller direktorat

1. Økonomi og administrasjon

Ved utgongen av 2004 var embetet organisert slik:



1.1 Organisasjon og personal

2004 var prega av ein del organisasjonsmessige endringar. 1. april flytta landbruksavdelinga til nabobygget til Statens Hus og med det nytta vi høve til å samle alle dei administrative tenestene i ei avdeling. Med det fekk vi og ein del rasjonaliseringsvinstar. Fleire avdelingar hos Fylkesmannen er no blitt det vi kallar lagorganisert. Pr. 31.12.2004 hadde embetet 141,55 årsverk.

1.2 Rekneskap for 2004


Vi har klart å betre økonomien monaleg frå 2003 og rekneskapet viser eit godt overskott. Dette kjem av stram økonomistyring og prioritering, men vi meiner at vi generelt ikkje har ein tilfredstillande økonomi, i den forstand at vi ikkje har nok ressursar til å løyse dei oppgåvene vi har.

Nokre nøkkeltal


Tildeling 2004:	63 248 000
Overført frå 2003:	-800 000
Tilleggsbevilgningar:	1 934 000
Sum tildelt:	64 382 000
Diverse inntekter/refusjonar:	11 859 253
Sum tildeling og inntekter:	76 241 253
Lønnskostnader inkl. arbg.avg.	-53 051 268
Driftskostnader:	-21 417 054
Sum kostnader:	-74 468 322
Underforbruk:	1 772 930
Korreksjon restanser-04	356 860
Resultat (underforbruk)	1 416 070

1.3 Likestilling


1.3.1 Gjennomsnittsløn kvinner og menn for saksbehandlarar og leiarar




1.3.2 Gjennomsnittsløn kvinner og menn – embetet – alle kategoriar




1.3.2 Kjønnsfordeling kvinner og menn – alle stillingskategoriar




1.3.3 Kjønnfordeling – deltid - absolutte tal



1.3.4 Kjønnfordeling – nyrekruttering internt og eksternt



1.3.5 Leing – absolutte ta



1.3.6 Tiltak

Embetet har særleg fokus på to område.

For det første arbeider vi for å redusere lønsskilnader. Sjølv om det ikkje er heilt klart kva som er årsakene til lønsskilnadene, så har vi fokus på problemstillinga ved nyrekruttering og ikkje minst ved lokale lønsforhandlingar. Ei viktig årsak til lønsskilnadene er at det er fleire mannlege tilsette i dei høgast avlønna stillingane.

For det andre er det eit klart mål å få til ein betre kjønnsbalanse i leiarsjiktet. Kjønnsdimensjonen er alltid med i vurderinga innfor dei rammene Personalreglementet sett.

1.4 Tiltak retta mot organisasjonen og personalet

Vi meiner det er viktig å ha fokus på personalet og samhandlinga i embetet. I 2004 starte vi eit større utviklingsprogram, med stikkorda Meistring, Trivsel og Utvikling. Det vil bli følgt opp i 2005. Føremålet med dette er både å gjere oss betre i stand til å løyse oppgåvene våre, samstundes som dei tilsette skal oppleve Fylkesmannen i Rogaland som ein triveleg og utviklande arbeidsplass, kor arbeidsmiljøet er satt i høgsetet.

1.5 saksbehandlingstid og SYSAM

Fylkesmannen i Rogaland har lagt mykje arbeid i å redusere sakabehandlingstid for enkeltsaker i 2004. Dette gjeld særleg klager etter lov om sosial omsorg og plan og bygningslova. Fylkesmannen har dessutan deltakt aktivt i oppfølging og vidareutvikling av system for systematisk samordning. Behandlingskapasiteten for sosialklager blei auka ved spleiselag frå alle avdelingar i embetet og hausten 2004 vart det, etter initiativ frå Moderniseringsdepartementet, innleia vi eit samarbeid med Fylkesmannen i Hordaland for å få bort gamle klagesaker etter plan- og bygningslova. Alt dette har resultert i at produksjonen har auka vesentleg. Saksbehandlingstida for sosialklager er ved årsskiftet under to månader. For klagesaker etter plan- og bygningslova er maksimal behandlingstid ved årsskiftet under 6 mnd. Per 1. mai 2005 skal saksbehandlingstida vere under 3 mnd.

1.6 Anna

GIS blir i all hovudsak følgt opp i samsvar med forventningane til Geovekst, Arealis og nye satsingar i Noreg digitalt. Vier usikre på om vi kan prioritere nok ressursar til dette, men ser klart effektiviseringsgevinstane for forvaltninga av dette arbeidet

Aktiviteten når det gjeld "Grøn stat" har ikkje vore særskilt stor i 2004. Det har likevel vore inngått ein del nye kontraaktar med leverandørar der miljøkrav har vore mellom anbodsvilkåra. Det har vidare vore møte med Stavanger renovasjon om kjeldesortering av avfall frå Statens Hus. Dette vil det bli arbeidd meir med i 2005.

Beredskap mot akutt forureining ser fylkesmannen som viktig og arbeid blir gjort i samarbeid med kommunane. Framleis er det vanskeleg å sikre mot forureinande utslepp frå skip langs kysten. Vi har ikkje ressursar nok til å sjå til at regelverket blir følgt opp av skip og hamnestyresmakter.

2. Sentrale politiske føringar

2.1 Samordningsoppgåver og kommuneøkonomi

Fylkesmannen personleg vitja i 2004 alle dei 27 kommunane i Rogaland, saman med sentrale medarbeidarar frå alle avdelingar. Deltakarane frå fylkesmannsembetet varierte frå kommune til kommune alt etter tema og innhald, men slik at område som økonomi og arealplanlegging alltid var dekkja. Føremålet med denne runden var først og fremst å møte nye kommunepolitikarar etter valet i 2003, informere om fylkesmannen si rolle og funksjon, mellom anna samordning, og forholdet til kommunane og ta opp sentrale tema etter ønskje både frå den einskilde kommune og fylkesmannen. Ofte dreie dette seg om arealplanlegging/arealbruk og behandling av einskildsaker etter plan- og bygningslova. Av faste tema kan nemnast oppfølging av brukarundersøkinga hausten 2003, oppgåvebrevet til kommunane og fylkesmannen si serviceerklæring. Alle innspel og spørsmål frå kommunane er blitt følgt opp. Fylkesmannen opplever desse møta med kommunane som særskilt nyttige i dialogen

mellom stat og kommune og medverkar til å dempe konfliktnivået mellom dei to forvaltningsnivåa. Det er laga eigen rapport etter besøksrunden i 2004.

Samarbeidsprosjektet mellom fylkesmannen og fylkeskommunen, "Den regionale dialog" held fram i 2004 (og 2005). Prosjektet dreiar seg i hovudsak om samarbeid og samordning av dei to etatane sitt arbeid og ansvar innafor regional/kommunal planlegging, og forenkla dialog og kontaktflate mot brukarane. Bättre samordning av arbeidet med innafor utdanning, har vore eit viktig tema i 2004. Prosjektet vart evaluert i 2004, med fekk gode tilbakemeldingar både frå fylkeskommunen, fylkesmannen og kommunane.

Samordning og samarbeid internt i fylkesmannsembetet fungerer svært godt. Leiarmøtet kvar 14. dag er ein viktig samordningsarena. Fylkesmannen i Rogaland har ikkje eigen samordningseining, slik at det er avdelingane sitt eige ansvar å syte for god kontakt med dei ander fagavdelingane i embetet. Viktige samordningstema er kommuneplanlegging, kommuneøkonomi, beredskap- og samfunnstryggleik, folkehelse, barns oppvekstvilkår og kommuneretta tilsyn. Fylkesmann Tora Aasland leia dessutan utvalet som i 2004 la fram si tilråding om statens tilsyn med kommunane. Alle avdelingar er representerte i fylkesmannen sin krisestab. Staben hadde øving hausten 2004.

Fylkesmannen samlar alle statsetatane i Rogaland til kontaktmøte to gonger i året. Eitt av møta i 2004 vart kombinert med møte i Fylkesberedskapsrådet. Fylkesmannen samlar også Fylkesberedskapsrådet to gonger årleg. Regionaliserte etatar som Statens vegvesen og Helse Vest blir også inviterte til desse møta. Av møtetema kan nemnast modernisering, regionalisering, inkluderande arbeidsliv, nettbaserte karttenester m.m Fylkesmannen sin samordningsfunksjon overfor andre statsetatar er likevel mest synleg når det gjeld fylkesplanlegging og arealplanlegging i kommunale. I 2004 har fylkesmannen delteke aktivt i arbeidet med ny felles fylkesplan for Rogaland, regionalt utviklingsprogram, samt ei rekkje kommuneplanar og reguleringsplanar. Rogaland er eit svært aktivt planfylke og det er stor utfordring for fylkesmannen å kunne delta overalt. Dette blir likevel høgt prioritert. Ei viktig oppgåve er å mekle i plankonfliktar. I dei alle fleste tilfelle kjem ein fram til semje, slik at kommunen sin arealplan kan godkjennast utan oversending til .

Fylkesmannen gav i 2004 ut sjette versjon av oppgåvebrevet/forventningsbrevet til kommunane. Det vart ikkje gjort vesentlege endringar i forhold til 2003-brvet, men likevel særskilt fokusert på tilhøvet mellom skal og bør oppgåver.

Det økonomiske opplegget for kommunane blir formidla mellom anna i eigen samling i regi av fylkesmannen ved framlegging av budsjett i oktober, og ved presentasjon av kommuneproposisjonen i mai. Det mesta av rådgivings- og rettleiingsverksemda føregår likevel i direkte kontakt mellom fylkesmannen sine kommuneøkonomimedarbeidarar og kommunane. Rogaland har to ROBEEK-kommunar. Desse har fått særskild oppfølging i 2004.

Prosessen fram mot samanslutning mellom Ølen og Vindafjord kommunar i 2006 har gått sin gang i 2004 utan at fylkesmannen har vore involvert i særleg grad. Særskilde utfordringar i samband med samanslutninga er kommunane sin relativt svake økonomi (Ølen er mellom anna ein av fylket sine ROBEEK-kommunar) og samansmelting av dei to organisasjonane. Mellom anna av denne grunn, og etter ønskje frå kommunane, er fylkesmannen til stades i alle møta i nye Vindafjord kommune si fellesnemnd frå hausten 2004 til prosessen er avslutta 01.01.2006.

Fylkesmannen har vidareført prosjektet om moderniseringsarbeidet i kommunane og delteke aktivt i kommunestrukturprosjektet. Eigen rapport er sendt til KR D og ligg ved denne rapporten.

Fylkesmannen driv utstrekt rettleiingsverksemd overfor kommunane innafor dei ulike politikkområda og forvaltningsområda som ligg til embetet. Ut over det som er nemnt ovanfor, var ikkje fylkesmannen direkte involvert i kommunale omstillings- eller moderniseringsprosjekt. Det er likevel i gang ei rekkje interessante prosjekt og tiltak i kommunar, og ikkje minst mellom kommunar, med tanke på samarbeid, effektivisering og rasjonalisering.

Fylkesmannen sin nettstad har blitt ytterlegare utvikla og aktivisert i 2004 med tanke på å bli den viktigaste informasjonskanalen til kommunane og andre brukarar. Frå nyttår 2004 har embetet mellom anna hatt eigen nettredaktør i delt stilling.

Tilsyn med kommunane har i fleire samanhengar vore eit sentralt tema for Fylkesmannen i Rogaland i 2004. Fylkesmann Tora Aasland har, som nemnt ovanfor, leia tilsynsutvelet, som la fram si tilråding i 2004. Parallelt

med dette oppretta fylkesmannen ei eiga intern tilsynsgruppe for utvikling og betre samordning av eiga tilsynsverksemd. Denne gruppa la fram rapport hausten 2004, som vil bli følgt opp i 2005. Resultatet av tilsynsutvalet si tilråding kan få stor betydning for fylkesmannen sitt tilsynsarbeid, både når det gjeld innhald og omfang. Slik stoda er i dag, disponerer ikkje fylkesmannen ressursar nok til å oppfylle alle lovfesta krav til tilsyn. Dette gjeld både tilsyn med kommunane og tilsyn med institusjonar og næringsliv. Oppfølging av dei svakaste gruppene i samfunnet blir prioritert. Barnevern har hatt særskilt høg prioritet i 2004. I denne samanheng må også nemnast fylkesmannen sitt arbeid med å utgreie spørsmålet om granskning av barnevernsinstitusjonar i Stavanger. Arbeidet har mellom anna resultert i oppretting av eige granskingsutval frå nyttår 2005.

Arbeid for betre folkehelse er ei sentral oppgåve for fylkesmannen/fylkeslegen. Fylkesmannen i Rogaland har i 2004 oppretta eiga folkehelsegruppe der fylkeskommunen og alle fylkesmannen sin efigavdelingar er representerte. Fysisk aktivitet, kosthald og røykekutt er sentrale tema. Ei stor utfordring i folkehelsearbeidet er å redusere ulikskap i helse. Det vil framleis vere viktig å vidareutvikle det tverrsektorielle samarbeidet – både på fylkesnivå og i kommunane – for å bygge ein betre infrastruktur for folkehelsearbeid og å få folkehelseomsyn sterkare inn i samfunnsplanlegginga.

2.2 Velferd, helse og personretta tenesteyting

Som nemnt i kapittelet ovanfor har det i 2004 vore arbeid særskilt med samordning av tilsyn i embetet, både gjennom intern arbeidsgruppe og i samband med tilsynsutvalet. Som kjent har Fylkesmannen i Rogaland samla sosial- og helsetilsyn i ei og same avdeling. Dette mellom anna for best mogleg å samordne tilsyn på desse to områda, og å utnytte kompetanse og personell mest mogleg effektivt.

Fylkesmannen har gjennomført tilsyn med den fødeinstitusjonen vi ha i fylket.

Fylkesmannen i Rogaland deltok i det landsomfattande tilsyn med helsetenesta til flyktningar og asylsøklarar ved at kommunane Sokndal og Stavanger var omfatta av tilsynet.

Fylkesmannen gjennomførde systemrevisjon i tre kommunar i 2004 med tanke på sikring av oppfølging av sosiale tenester for rusmiddelbrukarar (sosialtenestelova kap. 4). Revisjonane avdekkar ei rekkje manglar ved kommunale rutinar og system mellom anna for miljøarbeidarar, mellombels husvære, støttekontaktar, oppfølging etter at opphald i institusjon er avslutta . Sjå nedanfor.

Fylkesmannen har gjennomført fleire ulike samlingar, møte og konferansar for å følgje opp kompetanse- og kvalitetstiltak i kommunale sosialtenester og tiltaksplan mot fattigdom , stimulere til samordning av aetat, trygd og sosialteneste og følgje opp handlingsplan mot rusmiddelproblem. Fylkesmannen arrangerte mellom anna studietur til Danmark for leiarane av sosialtenesta i kommunane. Føremålet var å lære om arbeidet med bustadlause.

Ingen kommunar har søkt midlar til kompetanseutvikling når det gjeld samarbeidsrelasjonar på tvers og mellom ulike nivå i arbeidet med tunge rusmissbrukarar eller bustadlause. Vår erfaring er likevel at det er gjort mykje godt betringsarbeid i kommunane i Rogaland.

Fylkesmannen har i 2004 sett positiv utvikling i kommunane sitt arbeid med psykisk helsevern, i samsvar med tilførsle av statlege midlar. Kommunane har mellom anna planane klare når det gjeld bustadbygging i tråd med tildelte tilsegner frå Husbanken.

Det er likevel nokre kommunar som har vanskar. Det øyremerka tilskotet vart delt ut i tre terminar. Fylkesmannen heldt attende tilskotet i sju kommunar, fram til dei ved årsskiftet innfridde vilkåra for full utbetaling.

Røynslene frå prosjekt "Grøn omsorg"/ "Inn på tunet" tyder på at brukarane av desse tiltaka får ein betre livskvalitet.

Alle valdsoffersaker hos fylkesmannen i Rogaland der behandla, slik at det ikkje er saker att etter flytting av saksbehandlinga til Kontoret for voldsoffererstatning.

2.3 Barn, oppvekst og utdanning

Fylkesmannen har samordna arbeidet med barnehagar og skole/undervisning ved å legge desse saksfelta i same avdeling. Arbeidet med barnevern er lagt i avdelinga saman med helse og sosial, også for best mogleg samordning. Barn- og unges oppvekstmiljø er dessutan sentrale element innafor andre område, ikkje minst regional- og kommunal planlegging.

Mykje av folkehelsearbeidet i Rogaland er retta inn mot skolen og skoleungdom. Dette gjeld mellom anna fysisk aktivitet, ernæring (mellom anna frukt i skolen) og røykekutt.

Når det gjeld arbeidet med å styrkje det psykiske helsearbeidet har kommunane i Rogaland framleis ein jobb å gjere. Det må likevel seiast at fleire kommunar arbeider målretta med å samordne tenestene sine.

Ved utgangen av 2004 har Rogaland ei barnehagedekning på 64,2%, Ved førre årsskifte var dekinga ca 60%. Dekningsgraden er framleis mellom dei lågaste i landet. Oppstartmeldingar, endringsmeldingar og prognosar for utbygging viser likevel at aktiviteten ved årsskiftet er stor. Når det gjeld kvaliteten i barnehagane, så er det fylkesmannen sitt inntrykk at denne er god.. Ei utfordring er å oppretthalde denne kvaliteten i ei tid med mindre økonomisk handlingsrom i kommunane. Barnehagereforma har ført til utstrekt rådgjevingsverksemd overfor kommunane, og utvida kontakt med BFD.

Når det gjeld barnevern så gjennomførte fylkesmannen, som nemnt ovanfor, systemrevisjonar i tre kommunar i 2004. Revisjonane syner at kommunane framleis har forbetningsarbeid å gjere. Fylkesmannen registrere at varsel om tilsyn har den effekten at slikt arbeid blir sett i gang. Fylkesmannen har dagleg kontakt med ei eller anna barnevernsteneste og har i 2004 gjennomført fleire kurs. Alle dei 23 barneverneinstitusjonane har hatt tilsynsbesøk i tråd med krava i lova. (41 einingar). I 2004 vart det i tillegg ført særskilt tilsyn med ein institusjon etter oppdrag frå BFD

Utdanning er eit svært sentralt arbeidsfelt hos fylkesmannen g gjennom rettleiing, tilsyn, kurs og konferansar har embetet ein svært nær kontakt med kommunar og andre skoleeigarar. Reform og moderniseringsarbeidet i skoleverket prega derfor fylkesmannen sitt arbeid i 2004. Det er ei stor utfordring å makte å følgje opp både tilsyn, lovlegkontroll, klagebehandling og utviklingsarbeid innafor eksisterande knappe ressursar. Her kan nemnast at 1300 lærarar har i 2004 fått opplæring i vurdering av nasjonale prøvar.

Utviklings- og forsøksverksemda er framleis høg i skole-Rogaland. Motivasjon til og deltaking i ulike utviklingstiltak har også i 2004 vore sentrale tema i dialogen med kommunane.

Barn og unge sine oppvekst og levevilkår vart også i 2004 følgt opp i nokre enkeltsaker innan arealplanlegging, ved å bruke retningsliner for barn og unges oppvekstområde. Ressursmangel gjer likevel at mange planar slepp gjennom utan at vi har høve til å ta tak i dette temaet.

Også under dette punktet vil vi peike på at røynslene frå ”Grøn omsorg/”Inn på tunet” viser at gardsbruket og landbruksmiljøet kan vere ein god arena for læring og meistringsopplevingar.

2.4 Regional planlegging og arealpolitikk

Fylkesmannen har manglar tilstrekkelege ressursar til å gripe fatt i andre enn dei mest alvorlege arealkonfliktsakene. Oppfølging av St.meld. 23 (2003-2004) er når det gjeld detaljplanar lagt til fylkeskommunen, og det er sjeldan at RPR-ATP derfor blir følgt sterkt opp overfor kommunane.

Fylkesmannen i Rogaland har i 2004 delteke i alt overordna planarbeid saman med fylkeskommunen og regionale statsetatar. Rogaland fylkeskommune starta i 2004 opp revisjon av fylkesplanen og fylkesmannen har prioritert å vere med i alle faggrupper. Overordna signal til denne prosessen er at plan- og enkeltsaksbehandling som truar rettstryggleik og/eller nasjonale/viktige regionale miljøverninteresser blir prioriterte. Samarbeidsprosjektet ”Den regionale dialog” med fylkeskommunen fungerer svært godt. Heile 1400 saker vart fordelte mellom etatane etter denne samarbeidsmodellen i 2004. Stor saksmengde gjer det likevel vanskeleg å følgje opp nasjonale mål og krav i alle desse sakene.

Kommuneplanarbeidet er høgt prioritert hos Fylkesmannen i Rogaland gjennom aktiv deltaking i planprosessar. 2004 var likevel eit langt rolegare kommuneplanleggingsår enn valåret . Med dette som erfaring oppmoda

fylkesmannen kommunane om å starte kommuneplanprosessane tidlegare i valperioden, mellom anna dette har ført til at 10 kommunar har starta arbeidet i 2004.

Reguleringsplanarbeidet og enkeltsaksbehandling/dispensasjonar frå kommuneplan er det nødvendig å følgje tett opp for å unngå nedbygging av nasjonalt viktige område. Ressursbruken i samband med dette arbeidet er svært stor på grunn av manglande kommunal respekt for nasjonal arealpolitikk.

Vi har i 2004 hatt berre 4 meklingar i plankonfliktar. Det er likevel ein tendens til at ein stor del av plansakene frå kommunane inneheld konfliktar i høve til sektorstyresmaktene.

Fylkesmannen har også deltatt aktivt for å setje beredskap og samfunnstryggleik på dagsorden ved oppstart av revisjon av 8 kommuneplanar, gjennomgang av fylkesdelplan, ny fylkesplan og ved behandling av reguleringsplanar og konsekvensanalysar.

Fylkesmannen har arbeidd mykje i 2004 for å få ned saksbehandlingstida på klager etter plan- og bygningslova, ekstra ressursar er sette inn, samstundes som ulike effektiviseringstiltak er vurderte og sette i verk. Målsetjinga er å komme under 3 mnd. innan mai 2005. Prognose ved årsskiftet viser at vi vil klare dette.

2.5 Naturressursforvaltning – miljø og landbruk

Fylkesmannen er oppteken av å sikre verdiar for livsmiljøet på fleire felt. Dette gjeld naturmiljøet generelt, bustad, friluftsområde, og ikkje minst folkehelsa i forhold til miljøgifter. Dei siste skulle vi gjerne gjort meir av, men tilgjengelege ressursar er for små.

Fylkesvise verneplanar er slutførde i fylket, og det har ikkje vore vesentlege oppgåver i 2004 knytt til utvida skogvern og marin verneplan. Eksisterande verneområde er under stort press, m.a. pga mange kryssande interesser og at nokre av områda har kommunal forvaltning. Det har vist seg vanskeleg å alltid få kommunane til å prioritere verneformålet høgt i einskildsaker. Hittil har der vore uråd å få finansiert utarbeiding av mange viktige forvaltningsplanar.

Lakseparasitten G. Salaris har enno ikkje spreidd seg til fylket, men villakspopulasjonane er trua av lakselus. 26 av 27 kommunar har kartlagt biologisk mangfald, men datatilfanget må kvalitetssikrast. Vi har høgt fokus på dette, samt leveranse til sentrale databasar og formidling av miljødata til aktuelle partar.

Tilsyn med forureinande verksemdar er viktig. I 2004 er det likevel brukt berre eitt årsverk tildette, medan SFT forventar 2,5 årsverk. Fylkesmannen følgjer opp dei landsomfattande aksjonane Desse som fører til mykje etterarbeid, sidan behovet for tilsyn er stort. For mange andre høgt prioriterte oppgåver gjer likevel at vårt tilsynsomsfang er for lågt, og at resultatmåla ikkje vert oppnådde å deler av resultatområda 4 – 7. Sjå detaljar under desse resultatområda.

Arbeidet med fylkesvise tiltaksplanar for dei mest forureina fjordområda er prosjektfinansierte og går derfor etter planen. Fylkesmannen hadde store forventningar til at sedimenta i Saudafjorden skulle dekke til med overskotstein frå kraftutbygginga, men vi konstaterer at det ikkje er vilje til å finansiere dette tiltaket.

Kulturlandskapsarbeidet har jamt over svake virkemiddel, men vi har i 2004 utarbeidd eit godt regionalt miljøprogram i landbruket (RMP) som vi ventar oss mykje av.

2.6 Utvikling og verdiskaping

2004 har vore eit særskilt år når det gjeld å utvikle samarbeid med andre regionale utviklingsaktørar. Viktigast i så måte er desse samarbeidstiltaka: Regionalt utviklingsprogram, bygdeutviklingsstrategien, Måltidsarena, universitetskursa Grøn kunnskap til bruk i grønn omsorg og Garden som pedagogisk ressurs, og til slutt "Eg fant – eg fant" – eit resultat av Verdiskapingsprogrammet for mat.

I sitt arbeid med skogbruket, har fylkesmannen lagt til grunn at hovudoppdraget er å gjennomføre nasjonale og regionale strategiar for skogbruket i fylket. Vi har såleis lagt vekt på å auke verdiskapinga i heile verdikjeda. Det har vore stor hogstaktivitet i Rogaland i 2004, større enn nokon gong før etter nytt registreringssystem vart innført i 1995.

Fylkesmannen ser fram til innføring av industriforskrifta og anna tilsvarande regelverk for å erstatte konsesjonsbehandling og kontroll med auka tilsyn i høve til standardregelverk.

2.7 Samfunnstryggleik og beredskap

Samfunnstryggleik og beredskap var også i 2004 eit svært sentralt arbeidsområde for Fylkesmannen i Rogaland. Det vart gjennomført tilsyn i 7 kommunar, der mellom anna plan for kriseleiing, bruk av risiko og sårbarheitsanalysar og integrering av samfunnstryggleik i kommunane sine plan og styringsdokument var tema.

Fylkesmannen har aktivt medverka til å setje beredskap og samfunnstryggleik på dagsorden ved oppstart av revisjon av 8 kommuneplanar

Vidare har det i tilsyna vore retta særskilt fokus på pålagt planverk etter lov om helsemessig og sosial beredskap og smittevernlova.

”Samordningsgruppa”, med representantar for statlege regionale institusjonar) som vart etablert i 2000, har hatt regelmessige møte i 2004.

Fylkesmannen har i samarbeid med Rogaland politidistrikt, Forsvarets Fellesoperative Hovudkvarter, Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap og Universitetet i Stavanger førebudd nasjonal konferanse om samfunnstryggleik og nye trusselbilete, gjennomført 10. januar 2005.

Prosjektet Samfunnstryggleik i GIS starta i 2004. Prosjektet er organisert som eit tverrfagleg samarbeidsprosjekt mellom fylkesmennene i Hordaland, Rogaland, Sogn og Fjordane, Direktoratet for Samfunnstryggleik og beredskap og Statens kartverket ved Arealis region vest. (Prosjektet skal setje fokus på eit viktig område innanfor samfunnstryggleik og beredskap. Dei fleste norske kommunar har gjennomført risiko- og sårbaranalsar (ROS). Det viser seg likevel at analysane i for liten grad blir lagt til grunn for kommunane si arealplanlegging.)

3 Dei einskilde resultatområde – inndelte etter departement

Miljøverndepartementets resultatområde

(Ein meir detaljert rapport er sendt til Direktoratet for naturforvaltning og Statens forureiningstilsyn)

RESULTATOMRÅDE 01: VERN OG BRUK AV BIOLOGISK MANGFALD

Vassdragsforvaltning

FM løyser oppgåver knytt til rollen som regional vassdragsstyresmakt, slik det følgjer av den nye vassressurslova. Vi har og følggt opp EU sitt vassdirektiv ved å delta på arrangerte fagseminar og i prosjektarbeid for karakterisering av vassressursar.

FM har følggt opp nytt forslag til vern av vassdrag, først og fremst overfor kommunar og organisasjonar som har diskutert ulike sider ved vern av Bjerkreimsvassdraget.

FM følgjer opp det vesentlige av retningslinene for forenkling av lokale forskrifter etter lov om laksefisk og innlandsfisk. FM har mange arbeidskrevjande oppgåver knytt til fisket etter laks og sjøaure. Det er ikkje G. salaris i Rogaland, men lakselus er eit stort problem for laks- og sjøaurebestandane. FM tar dette opp med oppdretts- og veterinærstyresmaktene..

Vasskraftarbeid. FM følgjer opp oppgåvene knytt til drift av Samla plan for vassdrag. Av større saker er det gitt uttale til vidare utbygging av Jørpelandsvassdraget og nytt manøvreringsreglement for Suldalslågen.

Nye forslag til oppdaterte regulantpålegg er ennå ikkje utarbeida pga liten kapasitet og utsett myndeoverføring frå DN. Vi mottar svært mange søknadar om småkraftverk, talet har auka sterkt dei siste 2-3 åra. Dei fleste prosjekta er utan store konfliktar, men etablering av magasin og manglande minstevassføring aukar konfliktnivået.

Verneområde. Det er stort press på verneområda. Resultatmåla blir ikkje oppnådd på grunn av at vi manglar ressursar til å få utarbeida forvaltningsplan for Jærstrendene landskapsvernområde, Frafjordheiane og andre verneområde. Evaluering av Ramsarområde må også utgå pga ressursmangel. 5 kommunar har lokal forvaltning av verneområda. Det er stadige døme på at dette fører til at verneformålet må vike for utbyggingsformål. Fylkesmannen har ikkje virkemiddel for å hindre dette, men i eit tilfelle har Direktoratet for naturforvaltning omgjort eit kommunalt løyve til bygging av ny hytte. Vi tek sikte på å gi nokre kommunar skjønstilskot for forvaltning av store verneområde.

Biologisk mangfald. 26 av 27 kommunar er godt i gang (ikkje Utsira). Datainnlegging ligg noko etter sidan kvalitetssikring av innsamla data krev mykje ressursar hos FM. Det er framleis ofte for liten vilje i kommunane til å ta omsyn til kartlegginga i arealplanlegginga. Raudlistekartlegginga utanom for vilt er komme kort. I arbeidet med kart over inngrepsfrie områder (INON), har vi rettleia kommunane i deira innsamling av vegdata.

FM følgjer opp regjeringas rovviltpolitikk og bruker databasen "Rovbasen" i forvaltninga. Rovviltbestandane er låge med unntak av for Kongeørn. FM-RO er tildelt sekretariatansvaret for den nye Rovviltmemnda region 1, Vest-Agder – Sogn og Fjordane.

Motorferdsel i utmark blir rapportert for føregåande barmarksesong og vintersesong basert på kommunale opplysningar. Vi har ikkje ressursar til aktiv rettleiing av kommunane eller å kontrollere at forvaltninga deira er i samsvar med lovverket. **Helikoptertrafikk** er et aukande problem.

Kulturlandskap. Formelle virkemiddel er svake, men nytt av året er utarbeiding av Regionalt miljøprogram (RMP) i jordbruket i samarbeid med landbruksavdelinga og organisasjonane. Vi har store forventningar til at RMP etter kvart vil styrke kulturlandskapsarbeidet. Områda i Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap (tilstand, tilskot, planer, trugsomål m.v) blir statusrapportert.

Miljøkriminalitet. FM har fokus på miljøkriminalitet og held politiet og SNO (Statens naturoppsyn) informert om eventuelle brot på lover og forskrifter. Vi samarbeider med politiet i Miljøforum og har nær kontakt med politiet sin påtaledel om oppfølging av miljøbrottsverk. Ulovleg deponering av farleg og anna avfall er et problem. Fleire saker er meldt til politiet men saken blir ofte lagt bort av kapasitetsmangel. Ei sak som vart lagt bort, blei teke opp at etter klage frå FM, og er nå ferdig etterforska. Samarbeidet med SNO-tilsette er godt.

RESULTATOMRÅDE 02: FRILUFTSLIV

Som følge av ressursmangel er resultatområdet noko nedprioritert. Vi vurderar søknader om tilskot og deler ut midlar. Sikra område blir lagt inn i Naturbasen. Elles prioriterar vi allmenta sine rettar både i arealplanarbeidet og i einskildsaker. Kommunane prioriterar allmenne interesser ofte for lågt i høve til private utbyggjarinteresser. Forsvaret sin overføring av eigedomar blir vurdert mot friluftsinteressene.

RESULTATOMRÅDE 04: OVERGJØDSLING OG OLJEFORUREINING

Kommunalt avløp og akvakultur. Delegert mynde blir følgt opp. Det er stor etterspørsel etter rettleiing til kommunane for alle sider av deira myndeverksemd. Nasjonal avløpspolitikk er ukklar, mange ulike signaler frå sentralt hald. Vi har halde kurs og informert kommunane om bruken av f-lovas kap 16 om separate avløpsanlegg. Det er få klager på kommunale vedtak etter desse reglane. Ang KOSTRA har vi informert kommunane om SSB sine nye tettstadskart. Databasen "Forurensing" er oppdatert med SESAM-data og vil bli brukt i GIS. Tilsyn overfor oppdretts- og avløpsanlegg blir det ikkje tid til med dei ressursane vi har til rådvelde.

Overvaking av vassressursane. Vi har oversikt over marine resipientar pga at oppdrettsanlegga må dokumentere tilstanden når dei søker om utsleppsløyvet. Ferskvassresipientar utanom kalka vassdrag kjenner vi mindre til. Vasskvalitetsdata blir lagt ut på vår Miljøstatus så langt vi har kapasitet.

Beredskap mot akutt forureining. Våre miljøfaglige rådgjevarar deltar under kommunale og interkommunale øvingar og aksjonar mot akutt forureining. MOB-kart for marint miljø er rimeleg oppdatert. I grenseoppgangen mellom fylkesmannens og kommunens ansvar må det takast omsyn til kommunen sitt totale ansvar for beredskap. Vi følgjer opp forventningane frå SFT.

RESULTATOMRÅDE 05: HELSE- OG MILJØFARLIGE KJEMIKALIAR

Forureina grunn og sediment. Fylkesmannen følgjer opp nettdatabasen/grunnforureiningsbasen for å sikre ålmenta til ei kvar tid oppdatert informasjon om kommunale fyllingar og andre forureina område. Status rapportert til SFT.

Fylkesmannen får mange søknadar om grunnforureining ; deponier, industri, graving, mudring og dumping etc. søknadane blir behandla, men vi har ikkje ressursar til tilsyn utan i særlege høve der vi får meldingar frå allmenta. Vi kan heller ikkje ta imot ytterlegare delegasjonar frå SFT.

Manglande ressursar til tilsyn kan føre til at det blir avdekka tilfeller med farleg utslepp på grunn av at fylkesmannen ikkje har hatt ressursar til å følgje opp forskrifter og gitte løyver etter forureiningslova.

Med ekstra SFT-finansiering er tiltaksplan for Stavanger hamn utarbeidd. Planane for andre fjordområde; Karmsund, Sauda og Sandnes er i rute og sende til SFT.

RESULTATOMRÅDE 06: AVFALL OG GJENVINNING

Fylkesmannen formidlar og følgjer opp styresmaktene sin avfallspolitikk overfor kommunar, avfallsselskap og andre aktørar. Det er krevjande arbeid på grunn av at det ofte er best økonomi i å omgå regelverket. Til dømes har alle deponieigarar søkt om dispensasjon frå ny deponiforskrift. 5 av 6 vil ha lemping på krav om dobbel botntetting, og regelverket førte til at det fekk dei unntak for. Sidan regelverket og bransjen er i endring, er det stor avfallstransport over fylkesgrenser, noko som svekker økonomien hos dei aktørane som vil drive innafør regelverket. Det er nyttig å samarbeida med SFT i utviklinga av nytt regelverk.

Innrapportering av avfallsdata frå bransjen er vanskeleg trass i klare vilkår om dette. Tilsynsverksemda er også på dette resultatområdet mindre enn naudsynt. Vi har delteke i dei landsomfattande tilsynsaksjonane.

Det er særst vanskeleg å gjere noko med farleg avfall på avveger. Fleire saker blir avdekka, vi melder dei til politiet, men det krev mykje arbeid og politiet har lite ressursar til å følgje sakene opp. Vi må ha fleire ressursar til å følgje opp dei einskilde verksemdene for å få betring på dette. Arbeidsrutinane må sjekkast oftare, før det skjer brot på regelverket.

Avfallshandteringa av skipstrafikken er ikkje god nok. Ny forskrift av 12.10.2003 innebar krav om avfallsplanar. Vi har fått inn 5 planar og manglar 30 stk. Bruker ressursar på puring etc, men verkemidla må betrast dersom vi skal få gode resultat.

RESULTATOMRÅDE 07: KLIMAENDRINGAR, LUFTFORUREINING OG STØY

Resultatområdet er noko nedprioritert pga at andre oppgåver har høgare prioritet.

Støyreglar og støyomsyn blir ikkje tilstrekkelig ivaretatt i plan- og bygningslov-sakene. Vi fremjar motsegn dersom støyinnivå ikkje er dokumentert, men har for fleire år sida slutta å ha motsegn til at støyinnivået er for høgt for friområde, uteområde etc. Dette er overlate kommunen iflg tidlegare avgjersle i plansaker, f.eks Karmsundgt 164 i Haugesund.

For fylkesmannen er pbl viktigaste verkemiddel for å handtere lokal luftforureining og støy. Av ressursomsyn blir klager på støy, støv, etc oftast vist til kommunehelsetenesta eller til ny behandling av reguleringsplan. Dette er gode kommunale verkemiddel for slike saker. Vi fører heller ikkje tilsyn av utsleppsløyve til massetak og liknande verksemdar. Fylkesmannen prioriterer ressursar til behandling av saker vedr miljøgifter og farleg avfall.

SFT har fått status om arbeidet med støy etter grenseverdiforskrifta. Arbeidet er godt i gang. Statens vegvesen har pga mangelfull oppfølging fått pålegg om å utføre dei tiltaka som den nye forskrifta krev.

Vi har også nedprioritert behandlinga av saker knytt til næringsmiddelindustrien, noko som m.a. er uheldig sidan avløpet til kommunalt nett derfor gjerne inneheld fett og andre stoff som gjer reinseprosessane vanskelegare. Kommunane har verkemiddel til å gripe inn i dette dersom det er vilje til det.

Fylkesmannen medverkar til at målet om redusert energiforbruk og klimagassutslipp blir tatt omsyn til i fylkesdelplanar for areal- og transportplanlegging og i kommunal plansamanheng, jfr. Rundskriv T 2/98 B. Dette arbeidet inngår som ein integrert del av fylkesmannen sitt arbeid med disse planane.

RESULTATOMRÅDE 09: REGIONAL PLANLEGGING

Fylkesmannen deltek i alt overordna planarbeid, i samarbeid med fylkeskommunen og regionale statsetatar. Rogaland fylkeskommune starta i 2004 opp revisjonen av fylkesplanen, og fylkesmannen har lagt vekt på å vere representert i aktuelle faggrupper.

Overordna signal er at plan- og enkeltsaksbehandling som truar rettstryggleiken eller nasjonale/viktige regionale miljøverninteresser, blir prioritert. Fylkesmannen har hausta god erfaring av det formaliserte samarbeidet med fylkeskommunen om plansaker som blei etablert i 2003 – ”Den regionale dialog”. Overordna planar og kommuneplanar har framleis høgast prioritet. Talet på saker er stort, registrerte saker inn i 2004 var ca 1400. Stort sakspress inneber mykje bruk av standardbrev og at vi ikkje alltid greier å følgje opp dei nasjonale måla for arealbruken, m.a. for kystområda, inngrepsfrie område og biologisk mangfald. Dette gjelder også omsynet til barn- og unge, og vil her gi uttrykk for at barnerepresentantordninga i kommunane ikkje fungerer godt nok.

Innføringa av nye tidsfristar gjer at i fleire saker enn tidlegare får manglande kvalitet i behandlinga. KU-basen blir ajourført ved at relevant informasjon vert lagt inn.

Fylkesmannen hadde, etter initiativ frå Miljøverndepartementet, hovudansvar for ein 2-dagars plankonferanse i desember 2004 med deltaking frå 25 av 27 kommunar. Fagtema første dag var ”Nytt innan plandelen i PBL” og for dag to var temaet ”Fortetting med kvalitet”.

Kommuneplanlegging

Kommuneplanarbeidet er høgt prioritert gjennom aktiv deltaking i planprosessar, og med bruk av motsegner og faglege råd syter fylkesmannen for at nasjonal arealpolitikk blir lagt til grunn. Vi legg her vekt på nær samarbeid med fylkeskommunen og regionale statsetatar.

Vi har i 2004 opplevd ein relativt roleg periode i kommuneplanarbeidet sett i høve til valåret 2003 då heile 16 kommunar i Rogaland gjorde vedtak om ny kommuneplan. Med dette som erfaring gjekk vi aktivt ut mot kommunane med anbefaling om å starte kommuneplanprosessen tidlegare i kommunestyreperioden. 10 kommunar har gjort vedtak om oppstart av kommuneplanarbeidet i 2004, og vi har vore på oppstartsmøte i 8 kommunar.

I starten av 2004 blei det gjennomført fleire drøftingsmøte og meklingar i samband med sluttbehandling i kommunane i 2003, og 2 kommuneplanar er send til avgjerd i departementet.

Fylkesmannen med representantar frå alle avdelingar har i 2004 gjennomført besøk i alle 27 kommunar i Rogaland. Regional planlegging og arealpolitikk har vore eit gjennomgåande tema i kommunane. Fylkesmannen har gitt ein generell presentasjon av nasjonal arealpolitikk, og kva omsyn som er viktige i kommuneplanarbeidet. Her er også folkehelse og samfunnstryggleik framheva som viktige omsyn.

Det er utarbeidd 3 oppstartbrev i 2004, og gitt 2 høyringsfråsegner. Det er elles gitt fråsegner til 3 kommunedelplanar. 3 kommuneplanar har vore til behandling i fylkeslandbruksstyret.

I planprosessen blir det gjennomført ulike møte og/eller synfaring i sluttfasen av kommuneplanarbeidet utan at dette blir rekna med i oversikten over saker, i og med at konflikten blir løyst før mekling.

Reguleringsplanar

Reguleringsplanarbeid og enkeltsaksbehandling i form av dispensasjonssøknader frå kommuneplanen er nødvendig å følgje tett opp for at ikkje nedbygging av nasjonalt viktige område, for eksempel jordbruksareal, strandsone, inngrepsfrie område og nasjonalt viktige natur-, friluftsliv- og landskapsområde. Ressursbruken i samband med dette er svært stor pga manglande kommunal respekt for nasjonal arealpolitikk.

Klage på reguleringsplanar

Fylkesmannen fekk i 2004 81 klager på reguleringsplanar. 53 blei behandla. Saksbehandlingstida var mellom 4 til 8 månader. 42 blei stadfesta, 8 oppheva og 3 aviste.

Planstatistikk

Etter innføringa av ephorte er det ikkje mogleg å ta ut ulike planstatistikk som i tidlegare år. Dette er ein stor mangel som MOD og MD bør sjå til at finn si løysing.

Mekling plankonfliktar

Vi har i 2004 hatt 4 meklingar, ein klar reduksjon i høve til det ekstraordinære året 2003. Men det er framleis ein tendens til at ein stor del av plansakene frå kommunane har konfliktar i høve til sektorstyresmakter.

RESULTATOMRÅDE 10: KART- OG GEODATA

Fylkesmannen vil peike på den viktige rollen kartverk-avtalen og Geovekst-avtalen har hatt for å ta i bruk GIS-verkty og digitale kart innan embetet og i fylket. Vi prioriterar høgt bruken av digitale kart og eigenskapsdata i saksbehandlinga. Temadatasett blir kvalitetssikra og lagt inn i naturbasen, men ressursane er for små for å gjere dette heilt godt. Vi satsar mykje på vidare kompetanseutvikling av tilsette. Den nye Arealis Portal Rogaland har vore eit viktig resultat av GIS-arbeidet hos oss og i fylkeskommunen.

Fylkesmannen deltek framleis aktivt i AREALIS-arbeidet i fylket. Det deltek 16 kommunar og 7 regionale etatar i AREALIS-samarbeidet i Rogaland. Vi førebur oss på den nye satsinga; Norge digitalt.
Nettadresser: Portal Arealis Rogaland: <http://kart.arealisrogaland.no>. Miljøstatus:
<http://www.miljostatus.no/rogaland>

RESULTATOMRÅDE 11: TVERRGÅANDE VIRKEMIDLAR OG FELLESOPPGÅVER

Det er for små budsjetttrammer for å løyse oppgåvene på miljøområdet.

IKT

Fylkesmannen brukar fagsystema i saksbehandlinga, slik dette er fastlagt ved innføring av systema. Ephorte har ført til mykje ekstraarbeid på grunn av at systemet ikkje var godt nok utvikla før det skulle tas i bruk. Rutinar for årleg oppdatering av *Miljøstatus* og *Fylkesmannen.no* er etablert, men også dette arbeidet lider av for få ressursar.

Tilsyn etter forureiningslova

I forureiningssamanheng prioriterar vi det farlegaste av det farlege. Tilsyn er viktig, men av rettstryggleikssyn skal søknader og klagebehandling normalt ha høgare prioritet. Vi prioriterer å delta i dei landsdekkande tilsynsaksjonane, noko som er naudsynt og som likeins fører til mykje arbeid i ettertid sidan det er mykje alvorleg ureining og brot på føresegnene som blir avdekka. I arbeidet innan alle resultatområda forsøker vi å skilje mellom viktige og mindre viktige oppgåver. Dette er ikkje nok sidan vi stadig får fleire oppgåver, færre ressursar og manglande nedprioriteringssignal frå sentrale styresmakter. På forureiningsområdet har den nye industriforskrifta latt vente på seg. Vi håpar at den vil kunne rasjonalisere arbeidet vårt. Ein føresetnad vil likevel vere at det ikkje vil bli mange unntakssøknadar som skal behandlast.

Fylkesmannen sitt tilsyn er risikobasert. Omfanget er rundt 1 årsverk, medan SFT forventar 2, 5 årsverk, også det er truleg for lågt. Vi vil ikkje kunne auke tilsynet i 2005 sidan ressursane framleis blir redusert totalt for miljøvernarbeidet.

Landbruksdepartementets sine resultatområde

RESULTATOMRÅDE 21: LANDBRUKSBASERT NÆRINGS- OG BYGDEUTVIKLING

Landbruk Pluss

Fylkesmannen har eit generelt ansvar for gjennomføring av nasjonal landbruks- og bygdepolitikk på regionalt nivå. Vi har eit spesielt koordineringsansvar for Landbruk Pluss-arbeidet, bl.a. utarbeiding av regionale strategiar. Landbruksavdelinga har grepe fatt i utfordringane med gjennomføring av den nye landbruks- og bygdepolitikken bl.a. ved å danna eit eige Landbruk Pluss-lag i organisasjonen.

I 2004 har Fylkesmannen m.a. starta på å byggja opp kompetanse omkring internasjonal landbrukspolitik og dessutan vurdere moglege verknader denne politikken over tid vil ha på landbruket i vårt fylke. Vi har sett i gang eit arbeid for å analysere utviklinga i landbruket på bakgrunn av tilgjengelege databasar og GIS-kompetanse. Meir konkret har vi kommunisert den nye politikken i mange ulike fora og til ulike målgrupper, men det har likevel vore eit hovudfokus på kommunane.

Av konkrete prosjekt kan nemnast:

- ”Spreidde tiltak i kjerneområde for landbruk” – eit prosjekt med fokus på kombinasjonen av effektivisering og alternativ næringsutvikling i kjerneområde som t.d. Jæren.

- "Avbøtande tiltak ved ufrivillig omdisponering" – går ut på å finne løysingar som gjer det enklare å kompensera arealtap når bønder mister jord ved t.d. utbygging.
- "Stavanger 2008" – som ein del av denne storsatsinga vil Fylkesmannen vera ein del av nettverket for å få aktørar i landbruket på banen. Til no er vi m.a. med på arbeidet i delprosjektet Norwegian Wood og arbeider med eit "Kulturlandskap 2008".

Samarbeid med andre på næringsutviklingsområdet

Fylkesmannen i Rogaland, Landbruksavdelinga er aktivt med arbeidet for innovasjon og næringsutvikling i fylket, med hovudvekt på landbruks- og bygderelatert utvikling. Vi har fire regionale medarbeidarar med kontorplass i kommunane. Desse stillingane er samfinansiserte med kommunane og dels med Innovasjon Noreg og har som hovudoppgåve å driva mobiliseringsarbeid og anna næringsutvikling.

Fylkesmannen har i 2004 vore aktiv deltakar i arbeidet med både ny fylkesplan og Regionalt utviklingsprogram (RUP). Vi er også aktivt med og finansierer ulike prosjekt i RUP. Det multifunksjonelle landbruket har mange innfallsvinklar til fylkesplanarbeidet, slik som t.d. næringsutvikling, transport, reiseliv og levekårsverdiar. Ved å vera med i dette arbeidet har eit godt høve til å profilera landbruket overfor ei lang rekkje offentlege og private etatar, institusjonar og organisasjonar.

Distriktskonsulentar – viktige utviklingsaktørar.

Vår overordna tanke er "Skal du driva med bygdeutvikling må du vera i bygda". Vi har difor lagt stor vekt på å etablere partnerskap med kommunane og Innovasjon Norge Rogaland for å finansiera stillingar som kan arbeida i og vera gode utviklingsaktørar i dei ulike regionane i Rogaland. Vi reknar denne strategien for å vera vår viktigaste suksessfaktor i bygdeutviklingsarbeidet.

Landbruksavdelinga har tradisjon for og vi legg vekt på å vera ein etat og eit miljø det er lett å koma til både for å søkja hjelp og for å presentera idear. Denne "låg dørtreskål" filosofien har er det vi vidarefører gjennom våre distriktskonsulentar. Kommunane og næringa si rolle i styringa av arbeidet lokalt syner at ein lyttar til lokalsamfunna.

Vi har i år hatt 4 stillingar i regionane Haugalandet, Indre Ryfylke, Ytre Ryfylke og Dalane. Desse stillingane vert ikkje mindre viktige framover sett i lys av signal frå Landbruk Pluss samt den generelle utvikling i landbruket.

21.1 Jordbruk

Bruken av BU-midlane

Fylkesmannen si landbruksavdeling har fordelt av bygdeutviklingsmidlane kr 4.456.125 til 74 ulike utvikling- og tilretteleggingstiltak i 2004.

Strategiområde	Tal saker	Løyvd beløp
Praktikantordninga	10	739 000
Generelt tilretteleggingsarbeid	16	989 000
Biologiske produksjonar	6	364 000
Gards- og bygdeturisme/utmark	17	1 314 000
Gardsmat/småskala vidareforedling	4	105 000
Foredling av trevirke/juletre/bioenergi	2	80 000
Grøn omsorg	7	618 000
Anna	12	247 000
Regional fordeling av bu-midlane		
Ryfylke	1 177 000	
Dalane	100 000	
Jæren	1 106 000	
Nord-Rogaland	333 000	

Ryfylke og Jæren har klart større aktivitet enn Nord-Rogaland og Dalane. Årsakene er mange og samansatte, t.d. topografi, arbeidsmarknadd, lynne og kommunal vilje til å satse på landbruksbasert næringsliv. Ein annan årsak kan vera at det er større optimisme og kreativitet innan landbruket i Ryfylke og på Jæren.

21.2 Skogbruk

Fylkesmannen har lagt til grunn at hovudoppgøret er å gjennomføra nasjonale og regionale strategiar for skogbruket i fylket. Vi har lagt vekt på arbeidet med å auka verdiskapinga i heile verdikjeda. Dette skjer m.a. gjennom informasjon, motiverings- og nettverksarbeid. I tråd med overføring av oppgåver til lokalnivået, har vi hatt spesielt fokus på kommunane.

Hogst

Det har vore stor hogstaktivitet i fylket dei siste to åra. Faktisk har det aldri vore rapportert høgare hogstkvantum enn i 2004 etter at nytt registreringssystem vart innført i 1995. Hogst av gran utgjer heile 62 % totalkvantumet og aukar mest, trass i at granarealet berre utgjer 16% av produktivt skogareal. Hogst av ved til brensel har gått noko tilbake. Totalt auka hogsten i høve til fjoråret med 21% frå 43 000 m³ til 52 000 m³.

Rogaland har i dag overavverkning av gran, og mykje av hogsten skjer i relativ ung skog, 50–60 år.

Måleresultata viser likevel at kvaliteten er fullt på høgde gjennomsnittet for Austlandet. Hogst i eldre plantefelt viser monaleg kvalitetsauke og verditilvekst. Dette viser to ting:

- kvaliteten på grantømmeret frå Rogaland er fullt på høgde med grantømmer elles i landet
- skogreisinga med gran som hovudtreslag er blitt ein suksess, både i kvalitet, produksjon og økonomi

Det vil vera ei utfordring framover å halda noko igjen på hogst av gran, men samstundes auka hogst og verdiskaping innan furu og lauv.

Investeringar i skogkultur

Etter bortfallet av tilskot til planting i 2003 er planteaktiviteten meir eller mindre nulla ut med berre 650 daa nyplanting i gjennomsnitt dei siste 2 åra. Dette er berre 10-12% av det vi har rekna for fagleg forsvarleg ut frå ei berekraftig utnytting av skogareala i fylket. Rogaland har lite skogsmark eigna for naturleg forynging, og det er difor oftast berre planting som i praksis sikrar tilfredstillande forynging. Når vi no ser verdiane i granplantefelta, jf. ovanfor, vil resultatata av ny skogpolitikk kunna bli dramatiske for Rogaland og Vestlandet med tanke på kvalitet og verdiskaping i framtidsskogen.

Stell av ungsog har tatt seg godt opp i 2004, frå om lag 300 daa til 3000 daa, etter at tilskot til dette tiltaket blei gjeninnført. Behovet er likevel langt større, truleg opp mot det tredoble. Analysar frå skogbruksplanlegginga i enkelte kommunar syner også dette. Forsømt ungsogpleie på god bonitet gir store tap ved avverkning; - 20-30% redusert bruttoinntekt vil ikkje vera uvanleg.

Investeringar i infrastruktur

Også vegbyggingaktiviteten var laber i 2004. I eit fylke der skognæringa er under oppbygging, er det langt att til eit forsvarleg utbygd vegnett. Sterkt reduserte fordeler ved bruk av skogavgift, i tillegg til noko kompliserte reglar for tilskot, er ei av årsakene til denne utviklinga. Vegbygging vil likevel ofte vera avgjerande for ei forsvarleg utnytting av dei ressursane skogreisingsarbeidet over tid har bygd opp.

Fylkesmannen har gjennom året både informert og motivert til auka investeringsinnsats i skogkultur og infrastruktur. Dette skjer på kurs og samlingar, gjennom fagblad og via Internett. I dialog med kommunane har vi peika på at som landbrukspolitisk aktør har dei ansvar for å medverka til ei berekraftig utnytting av skogressursane.

Samarbeid på skog- og tresida

Fylkesmannen samarbeider med næringa gjennom Kontaktutvalet for skogbruk om bl.a. utgiving av to informasjonsskriv/blad. Andre sentrale samarbeidspartar er Norsk Bygdesagforening, arkitektar og handverkarar innan restaurering, båtbyggjarar, Norsk Tretknisk institutt, Miljøheimevernet, Foreininga norske lauvtrebruk, Fylkeskommunen og Innovasjon Noreg. Gode døme på samarbeid i 2004 er: Felles stand for profilering av tre og trebruk i samband med "Tall Ships 2004" i Stavanger, RUP – prosjekt "Nettverksbygging for auka bruk av Tre" (oppstart 2005) og Stavanger Kulturby 2008 - Norwegian Wood og Urban Sjøfront med blant anna ein større arkitektkonkurranse om store bygg i tre.

Det er ei stor utfordring å motivera til større bruk av nye former for bioenergi i eit gassfylke som Rogaland. Det er likevel no fleire prosjekt på gang der også Fylkesmannen er ein av aktørane.

Bruk av tilskotsmidlar og kompetanseheving

Bruk av tilskotsmidlar blir rapportert til SLF, NIJOS og Innovasjon Noreg. Dessutan er delar av tilskotsbruken også rapportert under 25.3. Kompetanseheving gjennom kursserien Aktivt Skogbruk er rapportert til SKI.

21.3 Bygde- og næringsutvikling

Det er arbeid aktivt med førearbeid til to prosjekt: Utmarksbasert reiseliv og Næringsutvikling i verneområde.

21.4 Verdiskapingsprogramma

2004 har vore eit aktivt år med tanke på å utvikla samarbeidet med andre regionale utviklingsaktørar. Viktigast i så måte er samarbeidet om utarbeiding og gjennomføring av

Regionalt Utviklingsprogram.

Fylkesmannen si landbruksavdeling har hatt eit tett og konstruktivt samarbeid med Rogaland fylkeskommune, Innovasjon Noreg Rogaland, A-etat, regionråda og kommunane om utarbeiding av dette programmet. Dette arbeidet har vore leia av Fylkeskommunen.

Bygdeutviklingsstrategien har blitt utarbeidd i ein aktiv dialog med aktuelle samarbeidspartar. Desse er Innovasjon Noreg Rogaland, Rogaland Bondelag, Rogaland skogeigarlag, Rogaland Bonde- og småbrukarlag, Rogaland gartnerlag, Planteforsk Særheim, Rogaland fylkeskommune og Kommunenes Sentralforbund. Det ferdige dokumentet representerer såleis det vi her i fylket meiner er dei viktige utfordringane for bygdeutviklingsarbeidet og bruken av Bu-midlar i 2005.

MåltidsArena. Fylkesmannen har delteke aktivt i arbeidet med forprosjektet til Måltidsarena. Dette er nå godkjent av styret for arenaprogrammet og Fagforum for mat og drikke har fått prosjektansvaret. FMLA vil delta i styringsgruppa for Måltidsarena framover.

Grøn kunnskap til bruk i grønn omsorg er eit universitetskurs som er gjennomført i samarbeid mellom "Inn på TUNET - Rogaland" og Universitetet for miljø- og biovitenskap.

Garden som pedagogisk ressurs er og eit universitetskurs som er eit samarbeid med Jærmuseet, Universitet i Stavanger og Universitetet for miljø- og biovitenskap

"Jeg fant – jeg fant" er eit synleg resultat av samhandlinga mellom Innovasjon Norge Rogaland og FMLA i arbeidet med å få fram gode prosjekt som kan forankrast i Verdiskapingsprogrammet for mat. Det var her samling i november 2004 med i alt ca 60 deltakarar.

Regionalt Utviklingsprogram

Arbeidet med Regionalt Utviklingsprogram får stadig større betydning for næringsutviklingsarbeidet i fylket og for bruken av BU-midlane til utgreiing og tilrettelegging. I svært stor grad er partnerskapet i RUP samde om prioriteringane av innsatsen, og det vert lagt vekt på felles finansiering av prosjekt som fleire av samarbeidspartane har interesse for. Røynslene frå 2004 viser likevel at innsatsen vart spreidd på for mange og for små prosjekt. For 2005 har ein difor gitt ei klarare prioritering for våre samarbeidspartar som går i retning av vidare satsing på mat, reiseliv og energi. I tillegg er det formulert ein sekkepost som er kalla andre bein å stå på.

Prosessen i RUP-arbeidet er slik at regionråd og andre blir bedne om å fremma dei prosjekta dei vil gjennomføre neste år tidleg på hausten. Desse vert så samanstilte og vurderte av partnerskapet og dei som kjem gjennom denne vurderingane som interessante og relevante vil bli finansierte av ein eller fleire av samarbeidspartane i RUP. I tillegg er det sjølvstilt inne eigen finansiering av søkjarene. Partnerane i RUP- samarbeidet vurderer dei sakene der finansiering er aktuell ut frå eigne kriterier og eigne regelverk.

Det er viktig at vi engasjerar oss på eit tidleg tidspunkt i RUP-arbeidet for å få fram gode prosjekt i tråd med BU-føringane. Utveksling av erfaring og informasjon med organisasjonane innan jord og skog har derfor vore viktig i denne prosessen. Alle prosjekta som var godkjende for vidare behandling og som søkjaren har valt å gå vidare med der FMLA etter føresetnadane skulle delta i finansieringa, er godkjende med eitt unnatak. Det gjeld prosjektet Vindafjordhallen – frå Kvile til Kick. Her søkte kommunen etter våre vurderingar om å få dekkja ei gamal rekning til leige av ein konsulent som prosjektet elles ikkje hadde dekning for.

RUP for Rogaland femner nå over fleire andre politikkområde i tillegg til næringsutvikling. Vi nemner her både kultur, friluftsliv og utdanning. Dette gir fylkesmannen ein fin moglegheit for å koma i partnerskap med fylkeskommunen om prosjekt og på desse politikkområda.

Treprogrammet - har hatt liten innverknad på skogsektoren i Rogaland. Dette meiner vi først og fremst skuldast profilen i programmet og måten programmet er organisert på. I eit fylke der skogsektoren totalt er liten og aktørane er mange og små, har vi opplevd at våre ønske om støtte anten er for små eller ikkje har passa inn i prioriteringane. Nettverket i skogsektoren har heller ikkje lukkast å komma i tilstrekkeleg inngrep med dei ansvarlege for programmet.

Ved oppstarten av programmet gjekk Fylkesmannen aktivt ut med informasjon og motivering, bl.a. ved egne seminar der både representantar frå Treprogrammet og dåverande SND deltok. Vi har opplevd det tungt og vanskeleg å formidla innhaldet i programmet ut til potensielle aktørar i vårt fylke. Dette er paradoksalt når fylket har så store uutnytt skogressursar og i tillegg eit høgt og kjøpevillig folketal.

RESULTATOMRÅDE 22: MILJØTILTAK I LANDBRUKET

Informasjons- og utviklingstiltak

Av løyvinga på kr. 430 000,- er kr. 190 000,- bruka på eit partnerskapsprosjekt i Aksjon Jærvassdrag og kr. 150 000,- er løyvd til arbeid med økologisk landbruk. Resten er løyvd til ei rekkje mindre oppgåver innafør kulturlandskap, reinseparkar, kompost og regionalt miljøprogram.

22.1 Kulturlandskap, biologisk mangfald m.m.

Hovudelementa i Fylkesmannen sitt arbeid knytt til biologisk mangfald, kulturlandskap og friluftsliv er:

- Medverka til utvikling, igangsetjing og gjennomføring av prosjekt "Lysefjorden".
- Medverka til gjennomføring av Fylkesdelplan for friluftsliv, idrett, natur og kultur (FINK-plan)
- Gjennom regionalt miljøprogram er det utarbeidd tilskotsordningar til:
 - Vedlikehald av turstiar i landbruket sitt kulturlandskap
 - Skjøtsel/bevaring av naturtypane kystlynghei, naturbeitemark, intakt låglandsmyr, kalkrike enger og slåttemark
 - Skjøtsel/bevaring av automatisk freda kulturminne, dvs. gravfelt og gardsanlegg
 - Auka tilskot (areal eller dyretilskot) til beiting/stell (for å hindre gjengroing) av spesielt verdifulle område

Også i Rogaland er kulturlandskapet i endring i takt med endringane i driftsformene i landbruket. Med førebels unntak for Jæren ser vi ei tiltakande attgroing av kulturlandskapet. Fylkesmannen prøver å finne målemetodar for kor fort attgroinga føregår, men det viser seg at digitale metodar enno ikkje taklar dette. Eit kulturlandskap i forfall får konsekvensar både for fastbuande og turistnæringa. Ein del av kulturarven og identiteten blir borte når kulturlandskapet forfell.

Som nemnt også andre stader i rapporten har Landbruksavdelinga laga tilskotsordningar gjennom Regionalt miljøprogram som vil kunne vere med å hindre attgroing på eigedommar som har rett på produksjonstilskot. På alle andre eigedommar, der problemet gjerne er endå større, er det for tida ingen gode verkemiddel. Fleire aktørar, bl.a. Fylkesmannen, kommunar, turistnæringa og Statens Vegvesen, er no i ferd med å ta tak i desse utfordringane.

22.2 Tiltak for å redusera forureiningar

Det er i 2004 ein klar tilbakegang i innsatsen på miljøplanting/leplanting sett i forhold til tidlegare år. Og den vil truleg vere på eit slikt, dvs. noko lågare nivå også i kommande år. Aktiviteten på bygging av fangdammar/reinseparkar er og noko lågare enn dei tre føregåande åra, men vi ventar denne rimeleg høg også i kommande år, mellom anna på grunn av at vi i prosjektsamarbeid med Aksjon Jærvassdrag og kommunar har fått tilsett to prosjektleiingar i 3 år for å arbeide vidare med tiltak mot forureining frå jordbruket.

22.3 Miljøprogram og miljøplan

Utvikling av regionalt miljøprogram – prosess:

I føringane for regionalt miljøprogram er det eit krav at Fylkesmannen skal utforme regionalt miljøprogram i samarbeid med næringsorganisasjonane og andre aktuelle faginstansar. I protokollen for jordbruksoppgjæret er det vidare lagt vekt på at fylkeskommunen sine politiske organ skal trekkjast med i arbeidet. Fylka står elles fritt til å organisere arbeidet slik dei ynskjer.

Fylkesmannen i Rogaland, Landbruksavdelinga har oppnemnt ei styringsgruppe og ei prosjektgruppe til å stå for utarbeiding av regionalt miljøprogram i Rogaland.

- **Styringsgruppe**

Styringsgruppa si oppgåve har vore å utforme og prioritere dei overordna målsettingane og strategiane. Styringsgruppa har hatt 3 møte. Styringsgruppa vert leia av landbruksdirektøren. Vidare er gruppa samansett av leiarane i Rogaland Bondelag og Rogaland Bonde- og Småbrukarlag og representantar frå administrasjonen i Fylkeskommunen og Fylkesmannen si miljøvernaving. I tillegg er to fylkespolitikarar med i styringsgruppa.

- **Prosjektgruppe**

Kommunane har oppnemnt sine representantar gjennom Kommunenes Sentralforbund (KS). Prosjektgruppa har elles hatt representantar frå bl.a. næringsorganisasjonane, forsøksringane, Planteforsk, fylkeskommunen og fylkesmannen.

Prosjektgruppa har hatt 5 møte. I tillegg gjennomførte Landbruksavdelinga i løpet av våren 2004 4 regionale møte der miljø- og landbruksansvarleg i kommunane og alle lokallaga i Rogaland Bondelag og Rogaland Bonde- og Småbrukarlag vart invitert til å komme med innspel til førebels utkast til regionalt miljøprogram. Samtidig var det sendt brev til lokale interesseorganisasjonar (Naturvernforbundet i Rogaland, Stavanger Turistforening m.m.). Innspel frå dei lokale møta vart innarbeida i programmet før nytt utkast til program vart sendt på høyring til alle relevante høyringsinstansar i oktober 2004.

Regionalisering av verkemidla i nasjonalt miljøprogram

Fylkesmannen i Rogaland har opplevd arbeidet med regionalt miljøprogram positivt. Prosessen har utløynt lokalt engasjement om kva som er viktig kulturlandskap (område og kva type kulturlandskapselement) og korleis vi kan arbeide for å hindre forureininga i landbruket i Rogaland. Gjennom regionalt miljøprogram har det også blitt mogleg å målrette verkemiddelbruken mot spesielle utfordringar. Dersom det vert aktuelt å leggje meir midlar inn i regionalt miljøprogram, vil mykje av ”grovarbeidet” allereie vere gjort gjennom prosessen som har vore i gang ved etablering av regionalt miljøprogram frå 2005. Involverte partar (styringsgruppa og prosjektgruppa) vil relativt lett kunne bli samde om kva for nye tilskotsordningar som skal innførast og kva satsar som eventuelt skal aukast.

Vi trur likevel det er lurt at det regionale miljøprogrammet slik det no er utforma får litt tid til å ”setje seg” i forvaltningssystemet. Rogaland har valt å innføre relativt mange nye tilskotsordningar. I forhold til utfordringa med å informere alle føretak om dei ulike tilskotsordningane og utfordringa som ligg i forvaltning av ordningane i kommunane, meiner vi det vil vere uheldig om det skulle innførast mange nye ordningar eller om satsane for dei ulike ordningane vert endra drastisk allereie dei fyrste åra.

- **Miljøplan**

I Rogaland er det etter dei opplysningane vi kan lese ut frå søknadane om produksjonstilskot nær opp mot 100 som har miljøplan trin 1 på bruket. Berre 52 stk har kryssa av for manglande plan. Dei som får trekk pga manglande miljøplan vil nok etter det vi har grunn til å tru vera ennå lågare. Dette fordi kommunen etter avklaring med bonden har retta opp feil avkryssing i ein del tilfelle.

Vi har i 2004 ikkje gjennomført kontroll i høve til miljøplan på enkeltbruk. I vår VP for 2005 er tilsyn og kontroll ei prioritert oppgåve.

22.4 Økologisk landbruk

Fylkesmannen i Rogaland, landbruksavdelinga utarbeidde i 2003 ein regional handlingsplan for økologisk landbruk i Rogaland. Den overordna målsettinga i denne er å auke omsetnaden av økologiske produkt. Lokal produksjon skal prioriterast.

Rogaland fekk i 2004 kr. 300 000,- til oppfølging av regional handlingsplan. Tiltak i heile verdikjeda frå jord til bord fekk støtte. Bruken av midlar til regional handlingsplan er rapportert til SLF tidlegare i samband med handlingsplan for økologisk landbruk. I tillegg er den å finne på vår heimeside.

For 2005 har Fylkesmannen i samråd med arbeidsgruppa for handlingsplanen, valt å prioritere tiltak som kan løyse flaskehalsar for omsetnad av økologisk kjøt.

Fylkesmannen i Rogaland har i tillegg til handlingsplan for økologisk landbruk, eit informasjons- og utviklingsprosjekt innan økologisk landbruk. Prosjektrapport er sendt til SLF, og kan og finnast på vår heimeside. Statistikk over tal økologiske driftseiningar og økologisk areal er ikkje ferdig for 2004. For søknadsomgangen for produksjonstilskott i august 2004 var det 50 driftseiningar med økologisk produksjon og eit areal på 6426 daa som vert drive økologisk.

22.5 Tre og miljø

Miljø- og resultatkontrollen i skogbruket er gjennomført i samsvar med sentrale retningslinjer. Dette er rapportert inn gjennom fagsystema. Dette gjeld også rapport for skogbruksplanlegginga, inklusive MiS-registreringar, som er rapportert til NIJOS. Vi har ikkje avdekkja større avvik frå regelverket i dette arbeidet. Derimot har vi sett at enkelte kommunar i enkelttilfelle har gitt byggjeløyve til veganlegg som er tvilsame både skogbruks- og miljømessig.

RESULTATOMRÅDE 23: RESSURS- OG EIGEDOMSPOLITIKK

23.1 Samfunnsplanlegging

Sikre landbruket sine arealinteresser

Landbruksavdelinga prioriterer høgt arbeidet med kommuneplanar og fylkesdelplanar. Som vanleg etter lokalval har det vore få slike planar til behandling i 2004, men dette vil auke på att i 2005. Landbruksavdelinga er også aktiv i arbeidet med dispensasjonssaker etter §7 i plan- og bygningslova. Vi har her hatt ein kraftig auke i talet på slike saker siste året (78%). Dette tolkar vi som eit utslag av overføring av førsteinstansbehandlinga etter særlovene i landbruket. Trass i kurs og samlingar både for lokalpolitikarar og kommunal administrasjon i dette emnet, ser vi at bit-for-bit-nedbygginga held fram med auka styrke i fylket. Jf. også det som er sagt om dette under pkt. 23.3.

Dokumentasjon på arealinngrep

Det er stor variasjon både frå kommune til kommune og også innan kommune når det gjeld kvalitet på dokumentasjon av arealinngrep. Sjølv om fleirtalet av kommunar framleis har altfor dårleg dokumentasjon i form av digitalt kartgrunnlag både i planar og enkeltsaker, ser vi ein klar tendens til forbetring.

Bruk og nytte av geovekstdata i embetet

Hos Fylkesmannen i Rogaland er det Landbruksavdelinga, Forvaltningsavdelinga og Miljøvernabdelinga som er "storbrukarar" av geovekstdata. Vi meiner at kvaliteten på saksbehandlinga innanfor ulike saksområde blir betre med utstrakt bruk av denne type data. Vidare blir kvaliteten på datasett vi produserer og leverer frå oss, også betre når det ligg detaljerte basisdata til grunn. Samtidig ser vi at ressursbruken i saksbehandlinga går ned ved god tilgang og bruk av geodata i saksbehandlinga. Dette skjer fordi det er lettare å få ei samla oversikt av saka, både i form av kart, areal og ressursdata. I andre tilfelle kan vi no ved hjelp av geovekstdata opplysa saka tilstrekkeleg utan å ta synfaring.

Forvaltningsavdelinga har i saksbehandlinga si særleg behov for detaljerte kartdata, og det er derfor svært viktig at denne avdelinga framleis kan få full tilgang til geovekstdata. Landbruksavdelinga har i 2004 særleg sett at tilgjengelege data har komme godt med i samband med utarbeiding av Regionalt miljøprogram. Gode og lett tilgjengelege geodata vil vidare vere svært sentrale ved tildeling og kontroll når ordningane i miljøprogrammet skal setjast ut i livet i 2005.

Vi har framleis ei utfordring i å få endå fleire tilsette ved embetet til å ta i bruk tilgjengelege data, men opplever at stadig fleire blir merksame på nytten. Vi held eit visst fokus på opplæring i bruk av GIS-verktøy, både ved

små kurs internt, og ved at tilsette tek noko større kompetansegivande kurs eksternt. Ved Landbruksavdelinga er det nå tre tilsette som går på eit GIS-studium i regi av Høgskolen i Troms.

Vi syner elles til resultatområde 10: Kart og geodata

Deltaking i Geovekstsamarbeidet

Landbruksparten har i 2004 deltatt i alle aktuelle Geovekstprosjekt i Rogaland. Dei to siste etableringsprosjekta er i ferd med å bli avslutta, og vi har no straks heildekkande digitale kart i form av FKB-data for alle kommunane. Arbeidet gjennom Geovekst i Rogaland vil i tida som kjem i stor grad handle om forbetring og vedlikehald av eksisterande data. Det viser seg at dette er eit omfattande arbeid. Det har gått lang tid sidan FKB-data blei etablert for dei første kommunane i fylket, og data i nokre kommunar har av den grunn dårleg kvalitet. Derfor blir det ofte i praksis snakk om nykartlegging når datasett skal forbeistrast. Dette er nødvendig trass i at kommunane utfører eit årleg vedlikehald. Det er underskrive vedlikehaldsavtalar for FKB-data mellom partane i 25 kommunar.

Arbeidet med å gå over til nytt geodetisk datum (EUREF89) er godt i gang i Rogaland. Fire kommunar gjekk over i 2004. Frå før er 8 kommunar gått over, og i 2005 skal etter planen dei resterande 15 kommunane over.

På initiativ frå Landbruksparten blei Sør-Rogaland flyfotografert i 2003 med tanke på å produsere ortofoto. I 2004 blei dette følgt opp med fotografering i Nord-Rogaland. Dette har til følge at vi snart vil ha ortofoto for tettbygd areal og landbruksareal i heile Rogaland.

Økonomi for Landbruksparten i Geovekstsamarbeidet

Vi betalte i 2004 kr 337 000,- inn i geovekstsamarbeidet. Kostnader i samband med ortofoto kjem utanom då desse blei betalt full ut av NIJOS. Vi fekk berre løyvd kr 176 000,- frå LMD til dette føremålet. For å kunne delta i alle aktuelle prosjekt medførte dette at vi måtte bruka kr 161 000,- av Landbruksavdelinga sine egne driftsmidlar. Rogaland har dei siste åra bruka relativt store summer av eige budsjett til Geovekstsamarbeidet. Dette er ei prioritering som knapt kan halda fram fordi det går utover andre gode prosjekt og tiltak som desse budsjettmidla er mynta på. Vi meiner det går ei grense for kor mykje driftsmidlar som kan og bør setjast av til dette år etter år.

I tildelingsbrevet frå LMD for 2004 heiter det at *"Midlane til Geovekst er avgrensa og Fylkesmannen må arbeide for å få inn bidrag frå andre aktørar, sette av driftsmidlar og delta i dei løpande geovekstprosjekta"*. Vi strekkjer oss svært langt for å vere med på alle prosjekt, og vi har til no aldri blitt ståande utanfor. Økonomisk bidrag frå andre aktørar ser vi på som svært lite aktuelt, så framover vil det først og fremst vere midlar frå LMD vi må støtte oss på. Vi vil derfor komme med ei sterk oppmoding til LMD om at det må jobbaste for ein større pott til Geovekst. Over halvparten av løyvinga vi fekk tildelt i 2004 gjekk til betaling av vedlikehald vi er forplikta til gjennom vedlikehaldsavtalar. Det seier seg sjølv at det da ikkje er mykje midlar igjen til å bruke på prosjekt.

Landbruksplanar

Følgjande kommunar har no starta eller gjennomført arbeidet med landbruksplan:

Stavanger, Sandnes, Klepp, Sokndal, Strand, Forsand, Suldal, Finnøy, Karmøy, Lund, Bjerkreim, Rennesøy, Eigersund, Bokn, Randaberg, Hjelmeland og Sola.

Prosjekt Bynært landbruk

Prosjektet har som målsetting å utvikle eit aktivt, livskraftig landbruk i Jåttå- Grannes-Joa-Røyneberg-området, til beste for næringa, miljøet og friluftslivet. Prosjektet er finansiert med midlar frå Landbruks- og matdepartementet, Miljøverndepartementet, Fylkesmannens landbruksavdeling, Rogaland fylkeskommune, Stavanger kommune og Sola kommune. Prosjektet er treårig og starta opp i 2002.

Prosjektet har – i samsvar med målsettinga - utarbeidd ein handlingsplan med konkrete tiltak. Ein del av dei planlagde tiltaka har i 2003 resultert i konkrete produkt. I 2004 har arbeidet vore meir retta mot å gi innspel til andre prosessar og produkt. Døme på dette er tilrådingar vedrørande tilrettelegging for ferdsel (ulike satsar for turstiar over innmarksareal som ligg i nærleik av bustadfelt eller innanfor "regionalt grøntdrag" (FDP byutvikling på Jæren) og andre område) og strategi for bruk av BU-midlar. Eit konkret delprosjekt blir vidareført i 2005 som eit nytt, sjølvstendig og kapasitetskrevjande prosjekt: *Avbøtande tiltak ved ufrivilleg omdisponering*. Dette prosjektet og andre oppgåver har ført til at prosjekt Bynært Landbruk formelt ikkje enno er avslutta.

23.2 Eigedomspolitik

Det er i 2004 drive eit aktivt informasjonsarbeid både om endringane i lovverket og om overføringa av avgjerdsretten til kommunane. Det har vore halde kurs og samlingar for både lokalpolitikarar og kommunal landbruksforvaltning. Vi viser elles til rapportar til SLF.

23.3 Jordvern

Jordvern har vore eit sentralt tema i arbeidet med regionale og kommunale plansaker. Fylkesmannen har prioritert formidling av regjeringa sitt mål om å halvera omdisponeringa av dyrka og dyrkbar jord innan 2010 og statlege føringar om å sikre areal eigna til matkornproduksjon, slik det er stadfesta i St. meld. nr. 19 (1999-2000).

I St. prp nr 1 (2004-2005 (statsbudsjettet)) er tre nasjonale mål for arealpolitikken framheva:

- *"Den årlige omdisponeringen av de mest verdifulle jordressursene skal halveres innen 2010*
- *Spesielt verdifulle kulturlandskap skal være dokumentert og fått en særskilt forvaltning innen 2010*
- *Områder som gror igjen med skog må skjøttes både med tanke på næringsbruk og rekreasjonsverdi"*

Fylkeslandbruksstyret

Fylkeslandbruksstyret si rolle skal vere sentral i praktiseringa av eit strengt jordvern, m.a. ved å vere aktive i spørsmålet om arealutnytting og langssiktig økonomisering av areal. Høgre og Framstegspartiet (2+2) har politisk fleirtal i styret. Styret har i hovudsak lagt til grunn gjeldande fylkesdelplanar i si behandling av plansaker, men har vore mindre føreseieleg i enkeltsaker/klagesaker etter jordlov (frådeling) og konsesjonslov (kjøp/sal og buplikt).

Fylkeslandbruksstyret behandla i 2004 om lag 30 klagesaker. I vel tredjeparten av desse sakene blei kommunen sitt vedtak heilt eller delvis omgjort. Nokre kommunar har reagert på ein del av desse endringane av kommunen sine vedtak, jf. ordføraren i Gjesdal sitt brev til landbruksminister Sponheim.



I saka som gjeld fylkeslandbruksstyret si godkjenning av landbruksveg ved Tjelmen i Sauda, er Staten og tiltakshavar saksøkt av Norges Naturvernforbund og ein hytteeigar i området. Saka kjem truleg opp i retten hausten 2005.

Saker for behandling hos Fylkeslandbruksstyret har ei saksbehandlingstid på 2 - 4 månader. Med berre 5 møte i året får vi ei utfordring i høve til lovpålagte fristar for behandling av plansaker.

Miljøverndepartementet har i 2004 stadfesta motsegner i Fylkeslandbruksstyret i viktige "jordvernsaker", m.a. når det gjeld trase for "Solasplassen" og spreidd bustadbygging i "kjerneområde landbruk" i kommuneplan for Eigersund.

Statistikk for dispensasjonssaker i LNF-område/regulert landbruksområde etter § 7 i plan- og bygningslova, syner ein auke frå 93 saker i 2003 til 166 saker i 2004. Dette er saker som ofte krev parallell behandling etter særlover som jordlova og konsesjonslova. Kommunane fekk frå 01.01.04 overført avgjerdsrett som førsteinstans etter desse lovverka. Nemnde statistikk syner at mange kommunar har nytta dette "lokale handlingsrommet" til å praktisere ein langt meir lempeleg praksis for frådeling og omdisponering innanfor fylket sin største arealkategori - landbruksområde, enn det som tidlegare har vore praksis i Rogaland. Bit-for-bit-nedbygginga held følgeleg fram med auka styrke.

Ei tydeleg endring i praksis frå 2003 til 2004 er vurderinga av søknader om frådeling av kårhus (følgehus). I 2003 mottok Fylkesmannen 9 dispensasjonssøknader etter §7 i plan- og bygningslova om frådeling av eksisterande kårhus. Dette har i 2004 auka til 37 frådelingar (!). To av desse sakene er påklaga av Fylkesmannen. Totalt blei sju dispensasjonsvedtak i kommunane påklaga av Landbruksavdelinga i 2004. Sjå elles figurane nedanfor.



RESULTATOMRÅDE 24: INNTEKTS- OG VELFERDSPOLITISKE TILTAK

24.1 Tilskotsforvaltning

Viser til årsrapport sendt til styret for Etter- og videreutdanningfondet i landbruket og rapportar via Saturn og Agresso.

Det er arrangert to kurs for saksbehandlarane i kommunane i samband med søknad om produksjonstilskot i jordbruket.

Resultatområde 25: Kommunane som landbrukspolitisk aktør

Det vart i 2004 sett fokus på kommunane som landbrukspolitiske aktørar i samband med kursarrangement og informasjonsmateriell. Det blei mellom anna utgitt ein informasjonsbrosjyre "Kommunen og landbruket – ansvar, handlingsrom og engasjement" der det i kortform blei informert om endringane i landbrukspolitikken som gir større ansvar til kommunane.

25.1 Kompetansesenter

Gjennom organisasjonsplanen har vi lagt til rette for å ivareta funksjonen som kompetansesenter. Det er særleg to lag som har fokus på dette – Informasjons- og kommuneoppfølgingslaget og Geodata og analyselaget. Informasjons- og kommuneoppfølgingslaget har ansvar for å koordinere Landbruksavdelinga sitt arbeid med kompetanseformidling til kommunane. Geodata- og analyselaget hjelper kommunane med å skaffe tilveie statikk og kartanalyser. Dei andre laga i avdelinga har ansvar for faglig oppdatering innan sine fagfelt.

Gjennom året er det arrangert fleire fagkurs for kommunane. Mellom anna blei det arrangert ei to-dagars samling for kommunal landbruksforvaltning i april der mellom anna landbruksministeren var foredragshaldar. På denne samlinga vart det sett fokus på kommunen som aktiv landbrukspolitisk aktør.

25.2 Landbrukspolitisk dialog med kommunane

Landbruksavdelinga arrangerte eit to-delt seminar i løpet av januar – mars 2004. Seminaret vart kalla "Kommunen som aktiv landbrukspolitisk aktør" og vart arrangert som 4 regionale samlingar i fylket. Del ein av seminaret vart kalla "Kommunen som landbrukspolitisk aktør" og det var sett fokus på nye oppgåver og ansvar for kommunane på landbrukssektoren. Del to av seminaret vart kalla "Forvaltning av juridiske verkemiddel" og det vart tatt ein gjennomgang av m.a. Konesjonslova, Jordlova og PBL. Målgruppa for desse seminarane var ordførarar, rådmenn, politikarar og tilsette i kommunen med ansvar for arealforvaltning og landbruk. Det var stor deltaking frå alle kommunar på desse seminarane.

Elles har landbruksdirektøren vore invitert med på fleire møter i politiske utval i kommunane. Dette har gitt høve til å gå gjennom ulike problemstillingar tilpassa den enkelte kommune.

25.3 Miljøvirkemidla i jordbruket og dei økonomiske virkemidla i skogbruket

Strategiar for bruk av økonomiske verkemiddel

Pr 01.11 04 har 17 av 27 kommunar i Rogaland utarbeidd eigne strategiar. I 7 av desse kommunane er strategien godkjent i eit politisk organ. Så godt som alle innkomne strategiar er utforma etter samråd med næringsorganisasjonar og andre aktørar i kommunane. For tema miljø- og kulturlandskap har vi inntrykk av at kommunane har lagt seg nær opptil den praksisen (prioritering av saker, tilskotsprosjekt for ulike tiltak m.m.) FMLA hadde ved forvaltning av desse sakene.

Spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL-tiltak)

For 2004 fekk Rogaland 8 millionar kroner til fordeling for tilskotsordninga "Spesielle miljøtiltak i landbruket". I tillegg har vi trekt inn midlar frå gamle saker.

Midla vart fordelt vidare til kommunen delvis på grunnlag av kommunen sine fleirårige strategiar og delvis på grunnlag av historiske tal.

Prosentvis fordeling mellom dei tre "gamle" forskriftstypene som no er ein del av SMIL - forskrifta:

Forskriftstype	2003	2004
500 – STILK	57	74
34 – IMT	43	24
207 – 2 – Områdetiltak	1	2

Dei siste par åra Fylkesmannen hadde avgjerdsretten, fordelte midla seg forholdsvis jamt mellom STILK- og IMT saker. Tabellen over viser at gamle STILK- tema no utgjer om lag 2/3 av potten. Viktigaste årsaka er at vi frå ca. 1990 – 2000 hadde stort trykk i forhold til leplanting/miljøplanting og likeins sist i perioden på bygging av fangdammar. Innsatsen særleg på leplanting/miljøplanting er nå klart på retur.

Fylkesmannen har for 2004 behandla 6 dispensasjonar frå SMIL – forskrifta. Ingen klager er sendt inn.

Vårt inntrykk er at overføring av avgjerdsretten til kommunane i for SMIL-ordninga, har ført til auka engasjement i kommunane. Totalt tal saker i 2004 for "STILK-tema" er 165, mot 114 saker i 2003.

Det har tidligare år vore relativt liten søknad om støtte til biologisk mangfald/gamal kulturmark og til tilrettelegging for ferdsel i Rogaland. Fylkesmannen har derfor arbeidd for å auka interessa for desse tema. Dette var også signalisert i brev til kommunane om utarbeiding av strategi. Tabellen under visar ein vesentleg auke i saker som gjeld tilrettelegging for ferdsel, og tilsvarande reduksjon i restaurering av kulturminne.

Tema	%-vis fordeling 2002	%-vis fordeling 2003	%-vis fordeling 2004
Biologisk mangfald/gamal kulturmark	24	14	14
Tilrettelegging for ferdsel	12	17	26
Kulturminne, -miljø	33	24	16
Freda/verneverdige bygningar	31	45	44
Sum	100	100	100

Fylkesmannen har lenge hatt som mål at tilskotsmidla vert fordelt meir jamt mellom kommunane. I 2002 var det seks kommunar som ikkje sendte inn STILK-sakar. I 2004, er dette talet redusert til 3.

Investeringsstøtte til miljøtiltak for 2004 går fram av tabellen nedanfor.

Tema	Oppsamlingsanlegg avløp, TMT		Hydrotekniske anlegg		Miljøplanting/leplanting		Fangdammar/våtmarker		Totalt	
	Søkn- adar	Løyvd tilskot (kr)	Søkn- adar	Løyvd tilskot (kr)	Søkn- adar	Løyvd tilskot (kr)	Søkn- adar	Løyvd tilskot (kr)	Søkn- adar	Løyvd tilskot (kr)
Kommune										
Sandnes							3	424585	3	424585
Lund	0	0	1	15000	0	0	0	0	1	15000
Hå	0	0	0	0	1	123900	4	546050	5	669950
Klepp	0	0	0	0	0	0	5	485993	5	485993
Time	2	19500	0	0	0	0	5	381420	7	400920
Sola	0	0	0	0	2	82200	0	0	2	82200
Finnøy	1	112000	0	0	0	0	0	0	1	112000
Tysvær	0	0	0	0	0	0	1	77937	1	77937
Karmøy	0	0	0	0	0	0	2	119250	2	119250
Ølen	1	24000	0	0	0	0	0	0	1	24000
SUM fylket	4	155500	1	15000	3	206100	20	2035235	28	2411835

Nærings- og miljøtiltak i skogbruket

Rapport om tilskotsordningane i skogbruket er sendt SLF. Vi viser også til resultatområde 21.2.

Oppgåveoverføringa til kommunane

Oppgåveoverføringa til kommunane frå 01.01.2004 har resultert i større lokalt engasjement og betre synleggjering av landbruksnæringa i mange kommunar. Men tilbagemeldingar frå fleire kommunar er også nedsett effektivitet i forvaltninga fordi ein har måtta engasjere eit stort apparat for relativt avgrensa med midlar. Innføringa av 50 % - regelen på skogsvegar, og små pottar i den enkelte kommune, gjer at det blir svært vanskeleg å realisere større og gode samarbeidsprosjekt på skogsvegar. Vi ser allereie no at det i staden løyvast midlar til mange mindre veganlegg. I tillegg medfører 50%-regelen ekstra meirarbeid og byråkrati.

Når det gjeld samordninga mellom jord- og skogmidlar er det eit ønske frå fleire kommunar at vi gir opp fordelinga vår mellom jord og skog. Vi har bevisst tildelt midla i ein felles pott slik at kommunane skal måtta ta dei nødvendige prioriteringane. Elles går denne samordninga rimeleg bra i dei fleste kommunar.

Når det gjelder strategiarbeidet har vi allereie fått inn mange tiltaksstrategiar. Variasjonen på kvaliteten er stor. Alt frå ei side til fyldige og godt gjennomarbeida og forankra strategiar. Vi registrerer også at fleire kommunar ikkje prioriterer mellom dei ulike ordningane og vel å drysse ut midlane etter kva som kjem inn av søknader.

Skogkompetanse i kommunane

Vi ser ein klar tendens til at skogforvaltninga i kommunane reduserer sin innsats på skogområdet gjennom stadig mindre stillingsbrøkar. Etter bortfallet av kompetansekravet registrerer vi også at fleire tilsette medarbeidarar utan formell skogkompetanse. Jord- og miljøansvarlege tek ofte over oppgåvene utan at det blir tilført nye ressursar. Brøkstillingar på 20 – 30% i enkelte kommunar gir liten effekt. Utviklinga ser ikkje ut til å snu sjølv om kommunane har fått overført meir ansvar og oppgåver på skogområdet. Når kompetansen blir bygd ned, ser vi det som naturleg at ein bør samarbeide over kommunegrensar for å styrke kompetansen. Likevel opplever vi her i fylket at det opprettast nye og enda mindre stillingsbrøkar på skogsida, for å ivareta oppgåvene på dette fagfeltet. Dei siste 2-3 åra har vi fått to nye skogdistrikt – eit i Gjesdal og eit i Sokndal. Med liten innsats på fagfeltet skog i enkelte kommunar, blir det lita tid til utoverretta og proaktivt arbeid (skogkultur/kvalitetsskog, vegbygging, næringsutvikling, miljøtiltak, kompetansebygging).

Utdannings- og forskingsdepartementet sine resultatområde

1 Innleiing

I følgje tildelingsbrevet for 2004 er Utdannings- og forskingsdepartementet sine oppgåver fordelte på resultatområde 30 til 39. Oppdragsbrevet for 2004 frå Utdannings- og forskingsdepartementet hadde ikkje likevel inndeling i resultatområde. Derfor har vi valt å strukturere rapporten som i fjor.

Det er ikkje gitt noko vurdering av tilstanden på opplæringsfeltet i Rogaland i denne rapporten. Utdanningsdirektoratet utarbeider kvart år ein nasjonal tilstandsrapport, og elektronisk datainnsamling frå kommunane og fylkeskommunen er nyleg gjennomført. Den nasjonale rapporten ligg vanlegvis føre om lag 1. mai. Utdanningsavdelinga vil lage ein tilstandsrapport for utdanningssektoren i Rogaland som blir ferdig på same tid. Denne rapporten blir som vanleg lagt ut på nettsidene våre.

2 Tilsyn, lovlegkontroll og klage

2.1 Tilsyn

Tilsyn med kommunal og fylkeskommunal sektor

Utdanningsavdelinga har i 2004 avslutta ein runde med kontakt- og tilsynsbesøk i kommunane som starta i 2002, der hovudfokuset var sett på kommunane og skolane sitt arbeid med lokal skolevurdering og kvalitetsutvikling. Metodikken vi nytta hadde meir preg av dialog og rettleiing enn av formelt tilsyn. På bakgrunn av førearbeid til kvart besøk gjennomførte vi samtalar med fire ulike grupper (rektorar, lærarar, foreldre og elevar). Deretter oppsummerte og drøfta vi inntrykket vårt med kommuneleiinga. Besøka vart som vanleg oppsummerte i ein rapport til kommunen (rapportane er dessutan publiserte på nettsidene våre). Det er gjennomført kontakt- og tilsynsbesøk med dei 6 siste kommunane (Time, Randaberg, Sandnes, Stavanger, Sola, Sokndal) i denne runden i 2004.

I tillegg vart det gjennomført tilsyn med fokus på det spesialpedagogiske feltet i ein kommune og med fokus på rettar etter § 2-5 i ein kommune.

For vidaregåande opplæring vart det gjennomført tilsyn med hovudfokus på tilpassa opplæring/spesialundervisning ved Åkrehamn vidaregåande skole, Time vidaregåande skole og i Rogaland fylkeskommune, opplæringsavdelinga.

Av kapasitetsomsyn vart det dessverre ikkje råd å gjennomføre tilsyn med opplæring i sosiale og medisinske institusjonar. Dette er prioritert i 2005, og utdanningsavdelinga har hatt eit innleiande møte med Rogaland fylkeskommune. Tilsynsbesøk i 6 institusjonar og i fylkeskommunen skal gjennomførast i løpet av våren 2005.

Tilsyn med friskolar/private skolar

Utdanningsavdelinga har i 2004 gjennomført tilsynsbesøk ved 4 friskolar/private skolar i Rogaland, både grunn- og vidaregåande skolar. Det er ikkje avdekt noko uregelmessig av økonomisk karakter på skolane. Det er gitt nokre pålegg og ein del merknader som gjeld andre forhold.

2.2 Ettersyn av årsrekneskapen for folkehøgskolane

Utdanningsavdelinga har gått gjennom rekneskapane for 2003 ved dei fire folkehøgskolane i fylket. Vi viser til tabellen nedanfor.

Skole	Driftsresultat	Årsresultat	Eigenkapital
Jæren	-76 868	-132 339	5 225 068
Karmøy	555 875	486 379	7 819 149
Lundheim	931 055	565 645	5 561 852
Solborg	3 245 443	*2 898 374	11 665 601

* Inkluderer rekneskapsmessig gevinst ved sal av bustad på kr 2 306 065. Ser vi bort frå dette er årsresultatet på Solborg kr 592 309. Ut frå den informasjonen rekneskapane gir, har utdanningsavdelinga ingen grunn til å tru anna enn at dei offentlege tilskotta og elevbetalinga kjem elevane til gode. Skolane har beskjedne overskott målte mot omsetjinga. Det kan vere vanskeleg å skilje kva for utgifter og inntekter som kjem frå tilskottsberettiga drift og ikkje tilskottsberettiga drift for skolar som har drift utover skoledrifta. Skolane har ein trygg eigenkapital. Alle skolane har pantegjeld på anleggsmassen sin, og nyt for tida godt av lågt rentenivå. Den økonomiske situasjonen kan såleis bli vanskeligare viss rentene skulle stiga. Ingen av skolane har så låg eigenkapitalfinansiering at ei renteauke skulle utgjere nokon umiddelbar trussel. UFD gjennomførte i mai 2004 eit tilsyn ved Lundheim folkehøgskole i samarbeid med utdanningsavdelinga. Kva rekneskapen angår viser rapporten frå tilsynet berre ein mindre merknad knytt til spesifisering av offentlege tilskott.

2.3 Lovlegkontroll

Utdanningsavdelinga har ikkje gjennomført lovlegkontroll etter kommunelova § 59 pkt. 5 i 2004, verken etter krav eller av eige tiltak. Det er svært få slike saker i Rogaland.

Tendensen dei siste 3-5 åra er at det blir fremja svært få krav om lovlegkontroll og svært få slike kontrollar er gjorde etter eige tiltak. Variasjonsmengda er frå null til ei sak pr. år.

2.4 Klagebehandling

Klager på enkeltvedtak om spesialundervisning/spesialpedagogisk hjelp

Fylkesmannen mottok i 2004 118 klagesaker som gjeld enkeltvedtak om spesialpedagogisk hjelp eller spesialundervisning. Klagen kom frå 12 av kommunane og frå fylkeskommunen. 67 av klagen galdt vedtak for barn som er under opplæringspliktig alder, 45 galdt elevar i grunnskolen, 4 elevar i vidaregåande opplæring og 2 opplæring for vaksne på grunnskolen sitt område.

Hovuddelen av klagen kom inn til Fylkesmannen i perioden mai – september, men vi har også fått tilsendt klager heilt fram til slutten av desember. 60 av klagen kom frå same kommunen, 8 av dei for elevar i grunnskolen og 52 for barn under opplæringspliktig alder.

I 17 av klagesakene vart dei kommunale vedtaka oppheva og sakene sende tilbake for ny behandling. Klagarane har fått heilt eller delvis medhald i 18 saker medan det ikkje er gitt medhald i 76 saker. 2 klager er sende direkte til Fylkesmannen, og er derfor returnerte til kommunen for behandling der. 3 saker er avviste eller lagde bort av ulike årsaker, medan 2 framleis er under behandling.

Det totale talet på klager i 2004 (118 klager) inneber ein viss auke frå 2003 (95 klager), 2002 (73 klager) og 2001 (76 klager). Om vi ser noko lengre tilbake, hadde vi 127 klager i år 2000, 217 i 1999 og 364 i "toppåret" 1998.

Talet på klager vart altså bortimot halvert frå 1999 til 2000. Vi tillet oss å tru at vi her såg resultatet av fleire års systematisk rettleiing av kommunenivået og PP-tenesta, og av at informasjonen til foreldra og kommunikasjonen mellom skole, PP-teneste og foreldre er blitt betre.

Det er elles verd å merkje seg at vi fekk ein kraftig auke etter år 2002 av klager som gjeld førskolebarn, medan talet på klager som gjeld grunnskoleelevar gjekk kraftig ned frå 2001.

Medan klager som galdt barn før opplæringspliktig alder før år 2002 utgjorde ein brøkdel av det totale talet på klager, er situasjonen dei siste to åra blitt at det er desse klagene som dominerer. Til dømes handla heile 60 av totalt 95 klagesaker i 2003 om førskolebarn og tilsvarande 67 av 118 i 2004. Det er inntrykket vårt at nokre av dei som klagar, ikkje er misnøgde med det materielle tilbodet til barnet, men dei klagar fordi dei meiner at ein større del av tilbodet skal heimlast i § 5-7 og såleis gi grunnlag for større avkorting i foreldrebetalinga i barnehagen.

Fylkesmannen opphevar relativt mange kommunale vedtak og sender sakene tilbake til kommunen til ny vurdering. Når det gjeld avgjerder om heilt eller delvis medhald hos klageinstansen, er tendensen at medhaldsprosenten går jamleg nedover. Medan heile 47 % av klagesakene fekk medhald i 2001, fekk til dømes 20 % medhald i 2003 og om lag 15 % i 2004.

Når det gjeld klager på spesialundervisning for vaksne (§ 4A-2 i opplæringslova) og for elevar i vidaregåande opplæring, held klagemengda seg stabilt lav.

Klager som gjeld skoleskyss

Vi har behandla 16 klager på avslag på søknad om fri skoleskyss for 2004. I ni av klagene er kommunen sitt vedtak oppheva og sakene sende tilbake til kommunen for ny behandling. Fem klager har fått medhald og to har fått avslag.

Klager som gjeld framskoten/utsett skolestart

Vi har behandla 2 klager som gjeld utsett skolestart. Begge klagene fekk avslag.

Klager som gjeld skoleplasseringsvedtak

Det er behandla 18 klager på skoleplasseringsvedtak i 2004, mot 20 i 2003. Tendensen de siste 4-5 årene er at vi årleg behandlar ca. 20 - 35 slike saker. Dei aller fleste er frå Stavanger kommune, og svært få får medhald. Klageårsak er at elevar ikkje har fått plass på den geografisk næraste skolen, men er plasserte på naboskolen. Grunngevinga frå kommunen si side er vanlegvis manglande kapasitet ved nærskolen.

Klager på standpunktarakterar

I 2004 mottok vi 126 klager på standpunktarakterar, ein nedgang frå 157 i 2003. 48 av klagene er sende tilbake til skolen for ny vurdering. Av desse fekk 26 heva karakteren, medan 16 vart uendra. I 6 saker har vi enno ikkje fått tilbakemelding frå skolen på utfallet av klagen.

Fylkesmannen mottok 4 klager på standpunktarakteren i åtferd. Tre av klagene vart tekne til følgje, medan ei ikkje fekk medhald.

Vi mottok ingen klager på munnleg avgangsprøve i 2004.

3 Forsøks- og utviklingsarbeid. Satsingsområde, strategiar og arbeidsformer

3.1 Utviklingsarbeid

Verksemdsplanen vår ber framleis preg av at det er høg aktivitet når det gjeld forsøks- og utviklingsarbeid i skole-Rogaland. Det har gjennom fleire år vore prioritert å samhandle med kommunane/fylkeskommunen på ulike vis i høve til dette, og vi har valt å nytte varierte tilnæringsmåtar for å skape grobotn for utvikling og inspirere til tiltak. Å motivere til deltaking i sentralt initierte utviklingstiltak har vore sentrale emne i dialogen med kommunane og fylkeskommunen. Samstundes prøver vi å følgje opp og støtte dei som alt er med i slike prosjekt.

Første fase av eit prosjekt i samarbeid med Rogalandsforskning som gjeld evaluering av utviklingstiltak knytte til nye organiserings- og arbeidsmåtar på ungdomssteget, vart gjennomført i 2002/2003. Prosjektet vart vidareført i fase 2 med Rogalandsforskning som hovudansvarleg og fire deltakarskolar i 2004. Sluttrapport vil liggje føre med det første.

Kommunane Finnøy, Klepp og Randaberg er med i eit treårig modellprosjekt med fokus på spesialundervisning og tilpassa opplæring. Fire fylke er med i prosjektet, som er initiert av Utdanningsdirektoratet.

Åtte skolar i fem kommunar er inneverande skoleår med i prosjektet Fysisk aktivitet og måltid i skolen. Dette er eit nasjonalt prosjekt i regi av Utdanningsdirektoratet og Sosial- og helsedirektoratet.

Utdanningsavdelinga søkte i 2003 etter råd frå kommunane om midlar til eit matematikkprosjekt, og seinhaustes vart det klart at Utdanningsdirektoratet ville tildele om lag ein tredel av det vi søkte om. Prosjektet fekk namnet "Matte-kick" og vart starta i 2004 med deltakarskolar i kommunane Randaberg, Stavanger, Haugesund og Karmøy. Prosjektet har fokus på matematikk-didaktikk og blir gjennomført i samarbeid med m.a. UiS, Nasjonalt senter for matematikk i opplæringa, Fylkesmannen i Finnmark, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Utdanningsdirektoratet.

"Barnehage + Skole = Sant" er eit nasjonalt pilotprosjekt i samarbeid mellom Fylkesmennene i Rogaland og Hordaland. Kommunane Stord, Os, Klepp, Time og Karmøy deltar. Målet er å styrkje samhandlinga mellom barnehage og skole gjennom utvikling og utprøving av modellar, tiltak og arbeidsformer som kan gi større kontinuitet og meir kraft i det pedagogiske arbeidet for barn i alderen 4-8 år.

I løpet av året har utdanningsavdelinga arrangert ei rekkje konferansar, kurs og samlingar, anten for å følgje opp overordna politiske signal og føringar, for å gi informasjon, eller for å setje emne på dagsorden i samråd med skoleeigarane. Målgruppe har vore både skoleeigarar, rektorar, lærarar, rådgivarar, foreldre og andre interesserte. Det har jamt over vore god deltaking. Det er m.a. arrangert ein konferanse for skoleeigarar i Rogaland og Agder om St. meld. nr. 30 (2003-2004) Kultur for læring, to konferansar om mappemetodikk, konferansar om samarbeid heim – skole med foreldre som målgruppe, konferansar om strategiplanen Gi rom for lesing og Program for digital kompetanse, ein konferanse om internasjonalt arbeid i barnehage og skole og ein konferanse om bruk av tvang og makt i offentleg tenesteyting. Utdanningsavdelinga har også arrangert to samlingar i Nettverk for IKT og spesialundervisning i samarbeid med fylkeskommunen og kommunane.

Elles har det også dette året vore drive eit omfattande informasjonsarbeid om lovverket til skole-Rogaland, gjennom ulike møte, kurs og samlingar, gjennom skriftlege informasjonstiltak og saksbehandlinga elles, og gjennom svar på førespurnader pr. telefon både frå foreldre, lærarar og tilsette i kommunal/fylkeskommunal administrasjon. Det er framleis eit markant behov for informasjon og avklaringar knytte til kap 5 i opplæringslova, og vi vurderer jamt korleis vi best kan nå fram med informasjon på dette området. I løpet av året er det gjennomført kurs for relevant personale i fleire kommunar, anten etter initiativ frå kommunane sjølve eller på oppmoding frå utdanningsavdelinga, og i februar arrangerte vi ei samling for saksbehandlarar om forvaltninga knytt til § 5-7 (spesialpedagogisk hjelp før opplæringspliktig alder).

Fylkesmannen har tildelt kr 225 000 i samband med oppstart av prosjektet Lærande Nettverk. 9 skolar, 5 grunnskolar og 4 vidaregåande skolar, er med i prosjektet. Desse er tildelte 25 000 kvar. I tillegg er Høgskolen Stord/Haugesund tildelt kr 260 000 for leiging av prosjektet.

Midlar til oppfølging av strategiplanen "Gi rom for lesing" er tildelte til kommunar, fylkeskommunen og frittstående skular etter nøkkeltal. Samla er kr 1 250 000,- utdelt. Fylkesmannen har fått rapport om bruken av midla, og rapportane viser ei brei og variert satsing på lesekompetanse og leselyst. Fylkesmannen har som fellestiltak arrangert lesekonferansen "Fantasi og fakta".

3.2 Kompetanseutvikling

Fylkesmannen har tildelt midlar til alle kommunane og til fylkeskommunen på bakgrunn av innsende planar for kompetanseutvikling. Alle planar var etter vår vurdering i tråd med føringane frå sentralt hald. Totalt er det tildelt kr 6 425 000 til kommunane og i overkant av kr 1 161 000 til Rogaland fylkeskommune.

Det er tildelt kr 278 500 til kompetanseutviklingstiltak i 16 frittstående skolar. 3 skolar har ikkje søkt om slike midlar.

3.3 Forsøksverksemd

Det er ikkje kome inn søknader om forsøk i 2004.

4 Arbeidet med gjennomføringa av eksamen og prøvar

4.1 Avgangsprøva i grunnskolen

Skriftleg avgangsprøve i grunnskolen vart gjennomført etter retningslinjene frå Utdanningsdirektoratet. I regionen Aust-Agder, Vest-Agder og Rogaland hadde Rogaland ansvaret for sensureringa av matematikk. 52 sensorar oppnemnde av fylkesmannen utførte sensureringsarbeidet.

Norsk

Frå Rogaland kom det 12 klager på karakterane som var sette i norsk hovudmål og 20 på karakteren i sidemål. I hovudmål vart karakteren endra etter klagesensuren i 8 saker, alle vart heva. I sidemål vart karakteren endra i 9 klager, 8 fekk heva karakteren medan ein vart sett ned. Fylkesmannen i Troms hadde ansvaret for klagesensuren i dette faget. I alt kom det 345 klager, og mest 50% av karakterane vart endra (168 heva, 4 sette ned).

Engelsk

Det kom 12 klager frå Rogaland på karakterane som var sette i engelsk. Fylkesmannen i Hedmark hadde ansvaret for klagesensuren i dette faget. I alt kom det 223 klager i dette faget. 35,9 % av karakterane vart heva.

Matematikk

Det kom 6 klager frå Rogaland på karakterane som var sette i matematikk. I 4 av sakene vart karakteren endra etter klagesensuren. Fylkesmannen i Sør-Trøndelag hadde ansvaret for klagesensuren i dette faget. I alt kom det 72 klager i dette faget. 25 % av karakterane vart heva.

Munnleg avgangsprøve

Innrapportering frå kommunane om munnleg avgangsprøve 2004 viste ein gjennomføringsgrad på 97 %. Dette stadfestar at ny organiseringsform i fylket har gitt kommunane betre tilgang på sensorar. Tilbakemeldinga viste også at 58 % av elevane nytta individuell prøvemodell, 23 % parmodell og 19 % klasseromsmodell under sjølve prøven.

Vidare kan det nemnast at 77 % av elevane var oppe til munnleg avgangsprøve med ordinær førebuingstid, 14 % med 48 t førebuingstid, og 9 % med 24 t førebuingstid.

4.2 Eksamen og fag- og sveineprøver i vidaregåande opplæring

Sentralt gitt eksamen og fellessensur vår og haust er arrangert i samsvar med retningslinjer gitt av departementet og Utdanningsdirektoratet. Våren 2004 oppnemnde vi 251 sensorar som sensurerte om lag 50 000 elevsvar.

Frå hausten 2003 og fram til 2006 vil Fylkesmannen i Hordaland ha ansvaret for klagesensuren.

Hausten 2004 vart det oppnemnd 62 sensorar som sensurerte om lag 5 300 elevsvar. Klagesensuren etter hausteksamen er fordelt til Fylkesmannen i Telemark, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Fylkesmannen i Oppland, Fylkesmannen i Troms og Utdanningsdirektoratet.

Samarbeidet med Opplæringsavdelinga i fylkeskommunen om kvalitetsutvikling av lokalt gitte eksamenar er utvida. Praksiskandidatprøvar, privatistar, dokumentasjon og læreplanforståing er også stadig tema for samarbeidet. Samarbeidet med dei andre 5 eksamensregionane held fram.

4.3 Nasjonale prøver

I 2004 vart det gjennomført nasjonale prøver i lesing og matematikk på 4. og 10. årssteget og i engelsk på 10. årssteget. I Rogaland deltok om lag 1300 lærarar på kurs om vurdering av prøvene. Til å arrangere kurs fekk Fylkesmannen god hjelp av vertskommunane Eigersund, Gjesdal, Stavanger, Randaberg, Karmøy og Tysvær. Kurshaldarane var ekspertvurderarar, valde ut av Fylkesmannen etter søknad. I tillegg har Fylkesmannen hatt kurs for skolefagleg ansvarlege og skoleleiarar om innrapporterings-systemet www.nasjonaleprover.no

TNS Gallup utførte ei spørjeundersøking om lærarane og rektorane sine erfaringar med prøvene. Resultata frå undersøkinga syner at sjølve gjennomføringa av prøvene har gått bra, men at arbeidsbyrden rundt vurderinga var stor. Vidare går det fram at mange har kjent seg usikre i høve til prøvene, og at tilhøvet mellom bruk av prøvene i pedagogisk samanheng og offentleggjing av resultata har vore problematisk.

5 Rikskonsertane

Utdanningsavdelinga legg konsertplan for kvar konsert når klargjeringskjema frå Rikskonsertane kjem. I 2004 vart det halde 14 skolekonsertturnear i Rogaland – ti for småskole- og mellomsteget og fire for ungdomssteget. Utdanningsavdelinga har motteke fleire meldingar om at innhaldet i og opplegget rundt konsertane har hatt ei svært positiv utvikling.

Det er framleis vårt syn at turnélegginga for Rk og Den kulturelle skolesekken bør samordnast. Det er naturleg at fylkeskommunen som både produserer for Rk og har operatøransvaret for DKS, får ansvaret for alt turnéarbeid innan desse felt.

6 Likestilling

Arbeid med likestilling var ikkje sett opp som eige tiltaksområde i verksemdsplanen for 2004. Det er likevel gjennomført tiltak på dette området også dette året. Elleve skolar i Rogaland og Hordaland deltar i Operasjon Minerva – eit tiltak for styrking av jenter si interesse for realfag og IKT. Utdanningsavdelinga er koordinator for desse skolane og følgjer opp prosjektet m.a. ved å arrangere samlingar for prosjektskolane, tildele statlege midlar og rapportere om arbeidet til Utdanningsdirektoratet. I 2004 vart det arrangert ei landssamling i Oslo. Elles deltar ein medarbeidar ved utdanningsavdelinga i den nasjonale styringsgruppa for prosjektet. Også i Utdanningsavdelinga sitt prosjekt "Matte-kick" er kjønnspektivet ein viktig dimensjon, men den overordna målsetjinga her er å styrkje læringsutbyttet for alle elevane.

Departementet sin strategiplan "Gi rom for lesing" ligg til grunn når Fylkesmannen tildeler midlar til skoleeigarane til tiltak for å stimulere lesing. Gutar og leselyst er eitt av tiltaka i planen.

Vi nemner også at Fylkesmannen har tatt initiativ til etablering av nettverket "Menn i barnehagen", og utdanningsavdelinga er representert i nettverket. Vi viser elles til det som står om Handlingsplan for likestilling i barnehagane under BFD sine resultatområde.

Ein del av statistikken på opplæringsfeltet er kjønnsdelt, t.d. opplysningar om spesialundervisning i GSI (Grunnskolen informasjonssystem). Desse opplysningane blir kommenterte i tilstandsrapporten kvart år, men med ulik vektning av kjønnspektivet. I tilstandsrapporten for skoleåret 2003/2004 vart det berre konstatert at det ikkje er endringar i Rogaland – framleis er om lag to tredelar av dei som får spesialundervisning, gutar. Elles er slike spørsmål stundom i fokus i den generelle delen av kontakt- og tilsynsbesøka i kommunane. Vi har likevel ikkje nokon dokumentasjon på at dette er gjort i 2004.

Også statistikk som gjeld læringsresultat i grunnopplæringa er kjønnsdelt. Utdanningsavdelinga har til no ikkje publisert noko om resultat i Rogaland for førre skoleår, men vi vil i årets tilstandsrapport ha med eit eige kapittel om dette.

7 Økonomiforvaltninga

7.1 Disposisjonsløyvingar

Utdanningsavdelinga har fått slike oppdrag/tildelingar i tillegg til dei som er beskrivne i tildelingsbrevet:

RAPPORT PR 31.12.04 PÅ TILDELINGAR FRÅ UTDANNINGSDIREKTORATET OG BFD

Tildeling		Kap./post	Prosjektnr.	Tildeling	Forbruk pr 31.12.04	Rest
Lønn til ekspertvurderarar	UDIR	0226 - 21	67328	385000	384430,44	569,56
Komp.utv./"Gi rom for lesing"	UDIR	0226 - 21	69200	9863531	9858813,78	4717,22
Modellprosjekt	UDIR	0243 - 01	19081	250000	249135,50	864,50
Minerva	UDIR	0248 - 21	41410	295000	294364,27	635,73
Lærande nettverk	UDIR	0281 - 01	81065	575000	571144,59	3855,41
Kval.utv. barnehage	BFD	0856 - 21		810000	807137,00	2863,00

Oversyn over kompetanseutviklingsmidlar/Gi rom for lesing til den enkelte kommunen går fram av vedlegg 3.2. Oversikt over løyvingar og forbruk på midlar tildelte frå UFD finst i vedlegg 5.

7.2 Tilskottsforvaltninga

6.2.1 Generelle merknader til arbeidet med tilskottsforvaltninga

Tilskottet til musikk- og kulturskolar falt bort pr 1.1.2004. Utbetalinga på denne posten i 2004 er refusjon for hausten 2003. Stavanger og Randaberg var med i rammefinansieringsforsøket som vart avslutta 1.1.04. Desse kommunane har i 2004 fått særtilskott på lik linje med dei andre kommunane. Det ser ut til at det ikkje var tatt høgde for dette på dei fleste tilskottspostane. Det har difor vore naudsynt med tilleggsløyvingar. Frå og med 2004 vart tilskottet til norsk m/samfunnskunnskap for vaksne innvandrarak flytta frå UFD til KRD. Det vart samstundes innført ei strengare rammestyling med tilskottet. Dette betyr at kvart fylke må halde utbetalingane innafør den ramma dei har fått frå departementet. Tilleggsløyvingar frå KRD blir berre gitt hvis det er eit motsvarande mindreforbruk i andre fylke.

Oversyn over utbetalt beløp til den enkelte kommunen for dei ulike tilskottsordningane går fram av vedlegg 1 . Kvaliteten på søknadene er i stor grad avhengig av saksbehandlarane i kommunane, og den rimelegkontrollen utdanningsavdelinga kan gjere. På grunn av knappe rammer er det avgrensa kor mykje vekt utdanningsavdelinga kan leggje på kontroll.

6.2.2 Om arbeidet med dei enkelte tilskottsordningane

Kap 0221, post 65 - Tilskott til undervisning for språklege minoritetar

Utbetalingane i 2004 er refusjon for skoleåret 03/04. Veksten i utbetalingane frå 2003 til 2004 skulda delst at Stavanger og Randaberg er tilbake med særtilskott etter at rammefinansieringsforsøket er avslutta, og delst at talet på elevar som får særskild norskopplæring, har auka kraftig frå skoleåret 02/03 til 03/04. I inneverande skoleår har veksten flata ut.

Avvik frå tildelingsbrevet: 384 kr. Opprinneleg løyving var på kr 35 827 000. Det er gitt tilleggsløyvingar 14.06.04 med 24 753 000 og ei reduksjon 02.11.04 på kr 898 000. Til saman utgjer dette kr 59 682 000, og forbruket var på kr 59 682 384. Forbruket er inkl. utbetalingar til private skolar.

Kap 0221, post 66 – Tilskott til leirskole

23 av kommunane har hatt leirskoleverksemd i 2004. Det er vanskeleg å berekne omfanget av dette tilskottet på førehand, sjølv om vi har eit system der kommunane melder inn prognosar for verksemda eitt år på førehand.

Avvik frå tildelingsbrevet: 788 kr. Opprinneleg løyving var på kr 1 968 000. Det er gitt tilleggsløyvingar 02.11.04 med 632 000 og ei reduksjon 13.12.04 på kr 192 000. Til saman utgjer dette kr 2 408 000, og forbruket var på kr 2 407 212.

Kap 0221, post 67 - Tilskott til kommunale musikk- og kulturskolar

Tilskottet til kommunale musikk- og kulturskolar i 2004 var refusjon for hausten 2003. Det er betalt ut tilskott til 24 av dei 27 kommunane i Rogaland (Stavanger og Randaberg var då med i rammefinansieringsforsøket, Utsira har etter avtale med Utdanningsavdelinga samordna kulturskoletilbodet med SFO pga svært lågt elevtal). Tilskottet er nå lagt inn i rammetilskottet til kommunane.

Avvik frå tildelingsbrev: 304 kr. Vi hadde ei opprinneleg løyving på 2 726 000 kr og vi fekk ei tilleggsløyving 01.04.04 på 559 000 kr, til saman 3 285 000 kr. Forbruket i 2004 er 3 284 696.

Kap 0521 post 61 – Norsk med samfunnskunnskap – vaksne innvandrarak

Veksten i dette tilskottet frå 03 til 04 skulda i all hovudsak at Stavanger får særtilskott igjen. Elles er aukainga svak. KRD har stramma inn budsjettstylinga med tilskottet slik at ramma Stortinga gjev for ordninga skal haldast. Det er ikkje høve til å søkje om tilleggsløyvingar, utover det at fylke med for mykje pengar kan dele med dei som har for lite.

Avvik frå tildelingsbrevet: 148 109 kr. Løyvingar: 20.11.03 kr 28 500 000. 01.04.04 kr 45 189 000. 03.12.04 reduksjon på kr 1 800 000. Til saman utgjer dette kr 71 889 000. Forbruket var på kr 71 741 891.

Barne- og familiedepartementet sine resultatområde

1. Kort tilstandsvurdering

Rogaland har ei barnehagedekning på 64,2 % ved inngangen til 2004. Dette er ein av dei lågaste dekningsgradane i landet, og det gir kommunane store utfordringar for å nå målsetjinga om full behovsdekning. Men opningsmeldingar, endringsmeldingar og prognosar for utbygging viser at det også er stor aktivitet i mange kommunar. Dekningsgraden har auka med 3,2 prosentpoeng siste året.

Fylkesmannen sitt inntrykk er at kvaliteten i barnehagane i Rogaland er god, og at det framleis blir arbeidd målbevisst frå barnehageeigarane si side med å sikre kvaliteten. Hovudutfordringa i sektoren er å vidareføre kvalitet og standard i ei tid der kommunane opplever redusert økonomisk handlingsrom.

Fylkesmannen har registrert stor auke i førespurnader frå kommunar og barnehagar på områda innan barnehagereforma, særleg når det gjeld arbeidet med skjønnsmidlar, investeringstilskottet og nye forskrifter om foreldrebetaling og økonomisk likeverdig behandling. Det er den uformelle kontakten via e-post og telefon som dominerer, og hovudintrykket er at kommunane er opptekne av å følge opp dei nye reglane, men at korte tidsintervall mellom utforminga av regelverket og fristar for innføring, fører til store utfordringar. Fylkesmannen sin kontakt med BFD har også auka i og med at vi i stor grad må kvalitetssikre svara våre til kommunane fordi regelverket er nytt. Rådgivarane har deltatt på samlingane som BFD har arrangert for å få opplæring i nye reglar.

2. Barnehageutvikling og samarbeid med kommunane

Det er tildelt kr. 350 000 til utviklingstiltak i 6 kommunar og to nettverk. Nettverka omfattar 14 kommunar. Midla er brukte til å arrangere kursrekkejer og seminardagar for personalet i barnehagane, m.a. om drift av naturgrupper, relasjonskompetanse, språkstimulering, fleirkulturell pedagogikk og leiing.

Fylkesmannen i Rogaland leier prosjektet "Barnehage+skole=sant". Prosjektet er eit samarbeid med fylkesmannen i Hordaland. Fem kommunar med til saman 60 deltakarar i 10 skolar og 12 barnehagar er med. Hovudmålet med prosjektet er: "Å styrkje samhandlinga mellom barnehage og skole gjennom utvikling og utprøving av modellar, tiltak og arbeidsformer som kan gi større kontinuitet og meir kraft i det pedagogiske arbeidet for barn i aldersfasen 4-8 år." Prosjektet skal gjennomførast frå hausten 2004 til våren 2006. Utdanningsdirektoratet har støtta prosjektet med kr 200 000 i 2004, kr 250 000 i 2005 og kr 100 000 i 2006. Fylkesmannen i Rogaland sette av kr 330 000 av "kvalitetsmidla" til drift av prosjektet i 2004.

Fylkesmannen arrangerte også i 2004 barnehagekonferanse i samarbeid med Høgskolen i Stavanger og Utdanningsforbundet i Rogaland. Konferansen hadde hovudtemaet "Om barnehagen sin plass i utdanningssystemet", og 230 deltok.

3. Resultatområde 41.1 - Tilskottsforvaltning

3.1 Oversyn over utbetalte beløp

Oversyn over utbetalte beløp til den enkelte kommunen for dei ulike tilskottsordningane går fram av vedlegg 4.

3.2 Om arbeidet med dei enkelte tilskottsordningane

Kap 0856 post 60 Statstilskott til drift av barnehagar

Fylkesmannen har fatta 606 enkeltvedtak om statstilskott til drift av barnehagar i 2004.

Mesteparten av midlane, 695,3 mill kr, er utbetalt til kommunane etter vedtak om tildeling av tilskott på bakgrunn av årsmeldinga (kostraskjema 16) frå den einsskilte barnehagen.

På bakgrunn av meldingar om opning av barnehagar og endringar i talet på barn har fylkesmannen utbetalt 42,3 mill kr til kommunane. I tillegg er 1,9 mill kr utbetalt til kommunane etter søknad om tilskott til barnehagetilbod for barn av nyleg tilflytta flyktningar.

Sum utbetalt: kr 739 524 283
Avvik frå fullmakter: kr 1 894 666 er ikkje nytta.

Kap 0856 post 61 Investeringstilskott til nye barnehageplassar

Det er utbetalt investeringstilskott til 13 kommunar. I 2004 vart det utbetalt 16,6 mill. kr til 792 barnehageplassar som vart registrert opna i 2004. Vidare vart det utbetalt 3,2 mill. kr til 108 barnehageplassar som vart registrert opna i 2003.

Sum utbetalt: kr 19 841 348
Avvik frå fullmakter: kr 1 558 652 er ikkje nytta.

Kap 0856 post 62 Tilskott til tiltak for barn med funksjonshemming i barnehage

Frå 1. august vart det innført eit nytt øyremerkt tilskott til tiltak for barn med funksjonshemming i barnehage. Tilskottet blir rekna ut etter talet på barn 1-5 år i kommunen. For 2004 gjaldt ei overgangsordning, der halvparten av tilskottet var basert på det beløpet kommunen totalt tok i mot i 2003, medan den andre halvparten vart rekna ut etter dei nye kriteria.

Sum utbetalt: kr 62 436 315
Avvik frå fullmakter: kr 0

Kap 0856 post 63 Tilskott til tiltak for å betre språkforståinga blant minoritetsspråklege barn i førskolealder

Frå 1. august vart det innført eit nytt øyremerkt tilskott til tiltak for å betre språkforståinga blant minoritetsspråklege barn i førskolealder. Det øyremerkte tilskottet til tospråkleg assistanse vart avvikla frå same dato. På bakgrunn av søknader skal kommunen fordele tilskottet til den einskilde barnehage og andre tenester som har til formål å betre språkforståinga blant førskolebarn.

Sum utbetalt: kr 6 895 516
Avvik frå fullmakter: kr 0

Kap 0856 post 65 Skjønnsmidlar til barnehagar

Skjønnsmidlane skal medverke til å sikre at barnehageforliket (inngått sommaren 2003) blir gjennomført utan at det fører til konflikt mellom utbygging, innføring av maksimalpris frå 1. mai 2004 og god kvalitet i barnehagane. Skjønnsmidlane er øyremerka tilskott som fullt ut skal nyttast til drift av barnehagar. Kommunane skal disponere skjønnsmidlane i tråd med forskrift om økonomisk likeverdig behandling. På bakgrunn av sentrale utrekningar betalte fylkesmannen ut skjønnsmidlar i april og november. I desember vart det utbetalt eit tillegg til utbetalinga i november.

Sum utbetalt: kr 44 687 354
Avvik frå fullmakter: kr 0

4. Resultatområde 41.2 - Oppgaver etter barnehagelova

4.1 Vedtak etter barnehagelova

Det er innvilga ein varig dispensasjon frå utdanningskravet om førskolelæruddanning for pedagogisk leiar, barnehagelova § 17.

Det er innvilga ein mellombels dispensasjon frå kravet om pedagogisk bemanning, barnehagelova § 17 tredje ledd, Forskrift om pedagogisk bemanning § 1.

4.2 Klagebehandling

Fylkesmannen har behandla 8 klagesaker etter "Forskrift om likeverdig behandling av barnehager i forhold til offentlige tilskudd", barnehagelova § 7 a. Ingen av klagarane er gitt medhald.

4.3 Tilsyn

Det er gjennomført tilsynsbesøk i ein barnehage, IAA-barnehagen i Haugesund. Tilsynet var fokusert rundt barnehagelova og reglar om drift av barnehagar samt reglane i opplæringslova § 5-7 om spesialpedagogisk hjelp til barn under opplæringspliktig alder.

4.4 Lovlegkontroll

Utdanningsforbundet i Rogaland har bede fylkesmannen om å foreta lovlegkontroll av to saker. Sakene gjeld samanslåing av barnehagar i Stavanger kommune og samanslåing av skole og barnehage og rektor som styrar i Hå kommune. Vurderinga blir slutført i 2005.

5. Resultatområde 41.3 - Formidling av nasjonal barnehagepolitikk

Regjeringa sitt resultatmål for barnehagesektoren i 2004 var følgjande:

- Barnehageplass til alle som ønskjer det
- Lågare foreldrebetaling
- Tidsriktig regelverk for sektoren
- Oppretthalde og vidareutvikle barnehagens innhald, mangfald og kvalitet
- Gode og målretta ordningar for barn med særlige behov
- God kunnskap som grunnlag for barnehagepolitikken
- Integrere likestillings- og miljøperspektivet i barnehagepolitikken

Hovudvekta av fylkesmannens arbeid retta mot kommunane har i 2004 i stor grad skjedd ved uformell kontakt via telefon og e-post og ved deltaking i nettverk. 23 av 27 kommunane deltar i 3 nettverk, der innhaldet i 2004 i stor grad har vore prega av nytt regelverk i samband med barnehagereforma.

Kommunane i Rogaland deltok på regionskonferanse i Kristiansand om barnehagereforma. Vidare har vi i samarbeid med fylkesmannen i Hordaland og Husbanken arrangert regionskonferanse om barnehageutbygging.

Målet om full barnehagedekning

Fylkesmannen sin kontakt med barnehagesektoren i kommunane er i stor grad retta mot saksbehandlarnivået. Vi svarar på førespurnader og gir rettleiing, og vi formidlar også kontakt mellom kommunar.

I samband med målet om full barnehagedekning er fylkesmannen opptatt av å etablere kontakt med kommuneleiinga som det ansvarlege leddet. Utdanningsdirektøren deltok på kontaktmøte mellom kommuneleiinga, KS og Fylkesmannen og la fram regjeringa sine målsettingar og tiltak for å nå full barnehagedekning. Fylkesmannen har også hatt fokus på barnehageutbygging på kontaktbesøka i kommunane.

Gjennomføring av forskrifta om økonomisk likeverdig behandling

Kommunane har hatt eit krevjande arbeid med å innføre eit kommunalt tilskott til dei private barnehagane i tråd med forskrifta. Om lag halvparten av barnehagane i Rogaland blir drivne av private eigarar. Nytt regelverk og korte tidsfristar for gjennomføring har ført til frustrasjon og irritasjon både i kommunane og hos private eigarar. Det har ført til at svært mange kommunar, barnehagar og foreldre vender seg til oss med spørsmål.

Fylkesmannen har lagt vekt på å prøve å setje seg inn i regelverket og å gi rettleiing etter beste evne. Vår rolle har vore å formidle kontakt og vere bindeledd til BFD. Vi er godt nøgde med den hjelpa BFD har gitt oss når vi har vendt oss dit.

Det er inntrykket vårt at kommunane har oppretta god kontakt med private eigarar og etablert ordningar som er i samsvar med forskrifta. Fylkesmannen har mottatt 10 klagesaker, 2 av desse er returnerte til kommunen for behandling, 8 er behandla. Ingen av klagarane fikk medhald.

Gjennomføring av forskrift om foreldrebetaling

Dei fleste kommunane i Rogaland hadde redusert foreldrebetalinga i tråd med forskrifta om foreldrebetaling ved inngangen til 2003. Ingen av kommunane hadde likevel ordning med søskenmoderasjon og redusert

foreldrebetaling i tråd med dei nye reglane som vart innførte frå 1. mai 2004. Kommunane har arbeidd med å etablere slike ordningar i løpet av hausten. Det har også på dette området kome mange spørsmål om regelverket både frå kommunar, barnehagar og foreldre, og fylkesmannen har også her gitt rettleiing og formidla kontakt til BFD. Fylkesmannen har ikkje behandla klagesaker på dette området.

Kvalitetsutvikling i barnehagesektoren

Fylkesmannen i Rogaland er tildelt kr 760 000 på kap. 856, post 21 i 2004. Av desse er kr 350 000 fordelte til kommunale utviklingstiltak, kr 330 000 er brukt til prosjektet "Barnehage+skole=sant" og kr 80 000 er avsett til kurs, reiser, samlingar for rådgivarar i avdelinga.

Kompetansetiltak i språkstimulering og fleirkulturell pedagogikk for tilsette i barnehage

Fylkesmannen i Rogaland fekk tildelt kr. 50 000 til kompetansetiltak i høve til fleirkulturell pedagogikk og språkstimulering av minoritetsspråklege barn. Midla vart tildelte til Stavanger kommune, og kommunen fekk i tillegg kr. 50 000 av dei ordinære "kvalitetsmidla". Stavanger har gjennomført tiltak for å heve den fleirkulturelle handlingskompetansen hos tilsette som arbeider med minoritetsspråklege førskolebarn. Tiltaka er forankra i to prosjekt, der også foreldre til språklege minoritetar er målgruppe.

Det er utarbeidd rapport frå prosjekta for 2004. Prosjekta skal vidareførast i 2005 og vert avslutta våren 2006.

Handlingsplan for likestilling

Handlingsplanen for likestilling i barnehagane 2004-2007 har to hovudmål: at det skal rekrutterast fleire menn i barnehageyrka og at likestilling og likeverd skal liggje til grunn for all verksemd og pedagogikk i barnehagen.

Arbeidet med handlingsplanen er forankra i fem regionar. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har teke på seg oppdraget med å vere koordinerande fylkesmann for arbeidet for regionen Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane, og det er engasjert prosjektleiar for regionen. Vidare er det etablert ei styringsgruppe med ein rådgivar frå kvar av fylkesmennene, og i tillegg er det to lokale kontaktpersonar i kvart fylke.

Det er utarbeidd lokal handlingsplan for vår region. Vidare er det tildelt prosjektmidlar knytte til målsetjinga Likestillingsengasjerte og – bevisstgjorde gutar og jenter/menn og kvinner i sektoren. Dei lokale kontaktpersonane skal nyttast til å kartlegge kommunar og barnehagar som arbeider med prosjekt eller utviklingsarbeid med likestilling som tema. Prosjektmidla vil vi nytte til å stimulere og utvikle vidare arbeid som er i gang slik at dei kan nyttast som praksisdøme og fungere eksemplarisk for resten av barnehagane i regionen.

RESULTATOMRÅDE 42: FAMILIERETT

42.1 Ekteskapslova

I 2004 blei det gitt 1179 separasjonsløyve (1265 i 2003) og 971 skilsmål (899 i 2003).

42.3 Barnelova

Fylkesmannen fekk i 2004 fram t.o.m. 31.03.04 inn totalt 56 saker til behandling etter barnelova. Av desse så omhandla 47 saker om foreldreansvar, fast bustad og samver og 9 saker omhandla reisekostnader.

42.4 Familievernkontorlova

I 2004 mottok familievernkontora og dei eksterne meklarane totalt 1 204 saker som gjaldt mekling. Av desse mottok dei eksterne meklarane 527.

I Rogaland er der 3 familievernkontor og 10 eksterne meklarar. Ein av de eksterne meklarane avslutta sitt meklararbeid ved årsskiftet. Ventetida i ca. 75 % av sakene er på under 3 veker.

Fylkesmannen hadde i november sin årlige fagsamling for meklarane i Rogaland. Den første dagen var to personar frå Familievernkontoret i Asker og Bærum, og presenterte ein ny modell for høyring av barn i mekling. Den andre dagen hadde vi besøk av professor Lucy Smith som la fram rettslege problemstillingar i samband med å høyre barn og aktuelle spørsmål rundt samver og rettspraksis.

Det blei i tillegg brukt ein god del ressursar til informasjon og rettleiing av familievernkontora og dei eksterne meklarane.

42.2 Annerkjennelselova

Vi behandla 97 saker i 2004.

42.4 Familievernkontora

Frå 1998 har fylkesmannen hatt lovpålagd tilsyn med familievernkontora (Lov om familievernkontor av 19. juni 1997 § 3). Utover sjølve tilsynet er fylkesmannen klageinstans i meklingsaker. Fylkesmannen har i 2004 vore på eit tilsynsbesøk på kvart av dei tre familievernkontora. Fylkesmannen har framleis det inntrykk av at kontora er veldrivne.

RESULTATOMRÅDE 43 KRISESENTRA

I Rogaland er tre krisesentra. Alle sentra er samarbeidsprosjekt mellom fleire kommunar. Vidare har vi eitt støttesenter mot incest. Samla har ein ført kontroll med bruk av midlar i storleik 1,7 mill.

RESULTATOMRÅDE 44: FAMILIEVERN

Frå 1998 har fylkesmannen hatt lovpålagd tilsyn med familievernkontora (Lov om familievernkontor av 19. juni 1997 § 3). Utover sjølve tilsynet er fylkesmannen klageinstans i meklingsaker. Fylkesmannen har i 2003 vore på eit tilsynsbesøk på kvart av dei tre familievernkontora. Fylkesmannen har framleis det inntrykk av at kontora er veldrivne.

RESULTATOMRÅDE 45 BARNEVERN

Fylkesmannen fører tilsyn med barneverntenesta i kommunane og med barneverninstitusjonane i Rogaland. Som ledd i tilsynsansvaret skal fylkesmannen gi råd og rettleiing og sjå til at kommunane gjer dei oppgåvene dei er pålagde etter lova.

I 2004 gjennomførte fylkesmannen systemrevisjonar i 3 kommunar: Strand, Sokndal og Sola. Desse revisjonane var eit ledd i eit landsomfattande tilsyn på oppdrag frå Barne- og familiedepartementet.(BFD). Meir om desse kan du lese i tilsynsrapportane, som ligg på heimesida vår: www.fylkesmannen.no. Generelt syner systemrevisjonane at kommunane har ein del forbetningsarbeid å gjere.

Fylkesmannen gir råd og rettleiing til kommunar, og har dagleg telefonkontakt med ei eller anna kommunal barnevernteneste. Fylkesmannen er så langt som råd med på møte med kommunar, for gjennomgang av ulike problemstillingar. I 2004 er det etablert faste møte med barnevernleiarane i kommunen to gonger i året.

Fylkesmannen har gjennomført desse kursa i 2004:

- Opplæring av tilsynsførarar. Fosterforeldreforeninga i Rogaland og Rogaland barnevernsamband gjennomfører kurset kvart år, i samarbeid med fylkesmannen.
- Forholdet mellom barnelova og barnevernlova, med advokat Rikke Lassen. Dette kurset var for tilsette i kommunane.

I høve til BUF-etat region vest, har fylkesmannen hatt fire møte saman med fylkesmennene i Hordaland og Sogn og Fjordane, for å utveksle informasjon mellom dei enkelte etatane. Fylkesmannen har også hatt eit møte med dei tre fagteamleiarane i Rogaland.

I 2004 hadde fylkesmannen tilsyn med 23 barneverninstitusjonar i Rogaland fylke. Fleire av desse har underavdelingar. Til saman blei det ført tilsyn med 41 einingar/objekt og gjennomført 99 tilsynsbesøk.

Fylkesmannen si røynsle er at barna som bur i barneverninstitusjonane får god omsorg og behandling, og me meiner at samarbeidet med institusjonane fungerer godt. Ved tilsynsbesøka blir både barnevernfaglege og

juridiske problemstillingar drøfta. Tilsynet har vore særleg oppteke av om institusjonane har hatt vedtak, ev. samtykkeskjema, tiltaksplanar og handlingsplanar for kvart enkelt barn, og om desse dokumenta blir brukt aktivt i oppfølginga av borna. Tilsynet har påpeika manglar i mange institusjonar når det gjeld desse dokumenta.

I 2004 har fylkesmannen i Rogaland ført ekstraordinært tilsyn med ein institusjon, på oppdrag frå BFD. I tillegg har me gitt kommentarar og merknadar til enkelte institusjonar, mellom anna i høve til tvangsbruk, urinprøvetaking, manglande politiattest, mobiltelefonbruk og husordensreglar. Tilsynet har vore særleg opptatt av skjermingsturar. Enkelte institusjonar har nytta ulovleg tvang for ungdom på skjermingsturar. I 2004 gjennomførte fylkesmannen i Rogaland systemrevisjonar i 3 institusjonar.

45.2 Fritak frå teieplikta

Fylkesmannen har i 2004 fått inn 69 saker som galdt fritak for teieplikt.

Introduksjonslova

Fylkesmannen har i 2004 realitetsbehandla ein klage etter introduksjonslova.

45.5 Adopsjonslova

I 2004 vart det behandla 53 saker knytte til ettersøking av biologiske foreldre.

58 Lov om heilagdaggar og heilagdagsfred

Det er behandla ei sak i 2004

RESULTATOMRÅDE 46 FORELDRERETTELEIING

Vår erfaring er at her gjer kommunane godt arbeid. Det har såleis ikkje vor behov for vesentleg aktivitet frå fylkesmannen si side i 2004. Medarbeidarar har delteke på krus.

RESULTATOMRÅDE 47 GJELDSRÅDGJEVING

Våren 2004 vart det arrangert kurs for økonomiske rådgjevarar i kommunane. Fylkesmannen har vore eit bindeledd og koordinator mellom departementet, Fylkesmannen i Hordaland og dei økonomiske rådegjevarane.

RESULTATOMRÅDE 48: OPNINGSTIDSLOVA

Det kom inn totalt 6 saker. 2 av desse galdt lov om helgedag og helgedagsfred.

RESULTATOMRÅDE 49: LIKESTILLING

Sjå innleiingskapitlet og eige punkt under Utdannings- og forskingsdepartementet

Justisdepartementets sine resultatområde

51.1 Stiftingar

Det har kome inn 489 saker i 2004 (389 saker i 2003). Det er fleire registreringar, men færre saker. Dette er ein naturleg følge av at vi har prioritert å få fagområdet meir i samsvar med regelverket. **Sakene fordeler seg slik:**

Rekneskap	195 saker
Registrering	6 saker
Nyregistrering	30 saker
Endring	209 saker
Andre	49 saker

Vi har også i 2004 føreteke forenkla kontroll av nokre av dei innsende rekneskapa for stiftingar

51. 2 Overformynderi/verjemål

Fylkesmannen mottok i alt 56 saker som galdt overformynderi/ verjemål i 2004.

Fylkesmannen har og som overordna forvaltningsorgan eit lovpålagd tilsynsansvar overfor overformynderia. Grunna ressursstoda har ein heller ikkje i 2004 i særleg grad kunna gjennomføra dette rettleiings- og tilsynsansvaret.

51.3 Forliksråda

Det har kome inn 40 saker. Av desse galdt 27 saker oppnemning av forliksråd. Det kom inn to saker om kurs for forliksråda. Fire saker gjaldt klage på forliksråd. Dei andre sakene gjaldt godkjenning av møteplanar.

Kommunale politivedtekter

Vi har ikkje mottatt saker i 2004.

52.1 Fri rettshjelp

Det er i tildelingsbrevet særleg peika på at fylkesmennene skal sikre effektiv og grundig saksbehandling innan rimeleg tid.

Det kom inn 2665 saker om fritt rettsråd.

Det vart behandla 2042 saker.

Det kom inn 161 saker om fri sakførsel

Det vart behandla 134 saker.

Saksbehandlingstida har vore mellom 1-2 månader.

52.2 Valdsoffererstatning

Dette er ikkje lenger med i fylkesmannens portefølje, men vi har nokre etterslengarar, m.a. saksomkostnader

52.3 Namnelova

Frå 1. januar 2003 fikk vi ny namnelov. Etter den nye lova er fylkesmannen klageinstans for namnesakene. I 2004 behandla vi 8 saker.

52.4 Tomtefestelova

Det kom inn 3 saker. Restanse: 2 saker. 1 sak behandla og avvist.

52.8 Statsborgarsaker

I 2003 fikk fylkesmannen mynde til å behandle søknader for barn fødd utafør ekteskap kor mor var utanlandsk statsborgar og far var norsk. Vi behandla 44 saker i 2004.

55 Auka samfunnstryggleik i fylket

Fylkesmannen har deltatt aktivt for å sette beredskap og samfunnstryggleik på dagsorden i samband med oppstart av revisjon av 8 kommuneplanar, gjennomgang av fylkesdelplan og ved behandling av reguleringsplanar og konsekvensanalysar.

Det blei gjennomført 7 tilsyn i desse kommunane i 2004: Sauda, Hjelmeland, Karmøy, Sokndal, Utsira, Vindafjord og Sandnes. Mellom anna blei plan for kriseleiing, bruk av risiko og sårbarheitsvurderingar og integrering av samfunnstryggleik i kommunen sine plan og styringsdokument gjennomgatte under tilsyna. Fylkesmannen har i tilsyna og hatt eit spesielt fokus på pålagd planverk etter Lov om helsemessig og sosial beredskap og Smittevernlova. I tillegg til tilsynsrevisorar frå beredskapslaget har og ein representant frå Fylkeslegen delteke fast på alle tilsyna.

Fylkesmannen har rettleia kommunane når det gjeld spørsmål om risiko- og sårbarheitsanalysar gjennom møte og skriftlege kommentar til framlegg til ROS-analysar.

Samordningsgruppa (representantar for statlege regionale institusjonar og etatar) som blei etablert hausten 2000, har halde fram med regelmessige møte i 2004. Samordningsgruppa arbeider for å auke samfunnstryggleiken i Rogaland. Tema har m.a. vore samordning av felles satsingar og utfordringar i vår

tilnærming og kontakt mot kommunane, og diskusjonar om innfallsvinkel og emne/innhald i ein framtidig FylkesROS for Rogaland. Samordningsgruppa har og evaluert erfaringane frå "Øvelse Rogaland" 2003 med sikte på å arrangere Øvelse Rogaland 2005 etter nokolunde same konsept for dei 13 kommunane som ikkje øvde i 2003. Fylkesmannen utarbeidde rapport i etterkant av øvinga i samarbeid med Samordningsgruppa.

Fylkesmannen har i lag med Rogaland politidistrikt, Forsvarets Fellesoperative Hovudkvarter, Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap og Universitetet i Stavanger (UiS9 førebudd ein nasjonal konferanse i samfunnstryggleik og nye trusselbilde på UiS 10. januar 2005.

Vi har søkt og fått innvilga søknad om økonomiske midlar til ein stilling som prosjektleiar for GIS-prosjektet (utvikling av geografiske informasjonssystem for beredskapstema for kommunane). Prosjektet er eit samarbeidsprosjekt mellom fylkesmennene i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane) og gjeld for året 2005.

Vi har delteke i møte fylkesnettverket "Trygge lokalsamfunn".

Vi har definert, samla og systematisert beredskapsfakta i kommunane i Rogaland.

Vi har ikkje prioritert arbeid med bygg- og anleggsberedskap og deltaking i møte i beredskapsutvala for lufthamnene.

56: Krisehandtering sivilt militært samarbeid

I november gjennomførte vi 2 dagars øving av Fylkesmannens krisestab i samarbeid med NUSB. Scenariet var dambrot i SiraKvinanlegga med forgreiningar til både Vest-Agder og Rogaland fylke med påfølgjande store vassmengder som raserte infrastruktur og store delar av fleire kommunesentra. Fylkesmannen tok på eit gitt tidspunkt over samordningsansvaret. Kriseleiing og alle avdelingar blei øvde, samstundes som det for første gang blei testa ut elektronisk loggføring. Det er utarbeidd evalueringsrapport etter øvinga.

Vi har gjennomført eit møte i fylkesberedskapsrådet.

Fylkesmannen har arrangert møte om skjermingsverdige objekt saman med representantar frå Politi og Forsvaret

Fylkesmannen har deltatt på møte i Totalforsvarsnemnd Sør- og Vestlandet.

Vi har og hatt møte med HV-08.

Fylkesmannen har deltatt i planlegging av militærøvinga Hafrsfjord 05.

Kommunal- og regionaldepartementets sine resultatområde

RESULTATOMRÅDE 61: KOMMUNEØKONOMI OG SAMORDNING

61. Samordning

Eigen rapport om moderniseringsprosjektet er utarbeidd. Sjå vedlegg

61.1 Økonomiforvaltning

Berre kommunar som står i Register over kommunar underlagt betinga kontroll (ROBEK) må innhente godkjenning frå fylkesmannen før dei har gyldig vedtak om budsjett, økonomiplan og låneopptak. Kommunane 1101 Eigersund og 1159 Ølen blei registrert i ROBEK i 2003. Det blei også arbeidd med kommunebudsjetta til dei andre kommunane.

Kommunale garantivedtak skal også etter dei nye lovreglane sendast til fylkesmannen for godkjenning. Vi behandla i fjor 12 søknader om godkjenning av kommunale garantivedtak. Alle søknadene blei godkjende. I nokre tilfelle var vedtaka ufullstendige, og vi måtte innhente ytterlegare opplysningar før godkjenning.

I fleire år har fylkesmannen invitert kommunane til møte om statsbudsjettet den same dagen som det blei lagt fram. Det blei også gjort i oktober 2004. Kommunane blei i tillegg orienterte om kommuneopplegget for 2005 på

møte om Kommuneproposisjonen i mai. Nesten alle kommunane kom til desse informasjonsmøta. Tilbakemeldingane etter samlingane var positive.

61.2 Samordning og rapportering

Fylkesmannen har eit tverrsektorielt samordningsansvar i forholdet mellom regionalstatsforvaltning og kommunane. Som ledd i dette arbeidet har fylkesmannen også i 2004 utarbeidd forventningsbrev (oppgåvebrev) til kommunane.

På grunnlag at rekneskapstala, som kom i februar, blei det laga ny utgåve av "Kommunaløkonomisk statistikk". Heftet blir laga etter stort sett same mal for alle fylkesmennene, og blei publisert på nettsida til fylkesmannen i september. Det er vårt inntrykk at kommunane nyttar heftet som dokumentasjon av den økonomiske stoda. Med jamne mellomrom blei også ein oversikt over forventta skatt og rammetilskott publisert på nettsida vår. Statistikkane og utrekningane blei m.a. nytta i arbeidet med tilskot etter skjønn. Det er då viktig å ha sakleg og objektivt grunnlag for prioriteringane. Også i møter med kommunane er det til stor hjelp å ha tilgjengeleg talmateriale som gjer det mogleg å samanlikne ulike indikatorar for tenester og den økonomiske tilstanden med andre kommunar i fylket, eller gjennomsnittet for landet.

Mange av oppgåvene som blir utført ved embetet, er avhengig av god kunnskap om kommunane, og god kontakt med dei som styrer. Samtidig har kommunane nytte av kunnskap om Fylkesmannen. Etter kommunevalet i 2003 tok mange ordførarar og politikarar i fjor fatt på nytt og viktig arbeid. Derfor tok vi initiativ til møter med alle kommunane i deira eigen kommune. På møta deltok representantar frå både administrativ og politisk leing. I tillegg til fylkesmannen, deltok vi med leiarar frå fleire avdelingar på kvart møte.

61.3 Kommuneinndeling

Vi hadde ingen saker i 2004.

RESULTATOMRÅDE 62: LOVLEGKONTROLL

Lovlegkontroll

Fylkesmannen skal sikre at kommunane si saksbehandling og vedtak tek omsyn til den enkelte sine krav på informasjon, rettstryggleik og likebehandling og elles er i tråd med god forvaltningsskikk.

Det kom inn 5 saker om lovlegkontroll i 2004. Alle blei ferdigbehandla. 1 vedtak blei stadfesta og 4 blei oppheva.

Vi har ikkje teke saker opp til behandling av eige tiltak.

Det er også motteke brev om ein rekkje forhold som berre er kommentert

RESULTATOMRÅDE 63: REGELVERKSFORVALTNING/KLAGEBEHANDLING

Ved nyttår var den generelle behandlingstida i byggjesaker 6 månader. Det har såleis skjedd ein vesentleg reduksjon i saksbehandlingstida, frå august 2004 då det tok om lag 10 månader å få behandla ei sak. Det blei i siste tertial behandla 228 saker, mens talet for året under eit var 461. Det kom i same tidsrom inn 371 saker. Vi er ikkje nøgde før saksbehandlingstida er nede i tre månader. Plan- og byggjesaker er eit prioritert saksområde hos fylkesmannen, og det blir derfor sett inn vesentlege ressursar for å betre situasjonen.

Statistikk for ulike saksfelt innanfor dette området:

Klage i byggjesaker:

Det kom inn 371 saker i 2004 og vi behandla 461 saker. Av desse var 31 setjefylkesmannssaker etter klager frå Fylkesmannen i Vest-Agder og Hordaland. Klagene gjeld kommunale dispensasjonsvedtak.

Talet på klageavgjerder 461 (i 2003: 259). 27 av desse var setjefylkesmannssaker

Stadfesta:	353
Oppheva:	55
Omgjort:	45
Avvist:	7
Restanse:	137 (i 2003: 276)

Ekspropriasjonar etter plan- og bygningslova og ekspropriasjon førehandstiltreding etter oreigningslova:

Innkomne saker: 5
Underinstans vedtak stadfesta: 1 , oppheva 1
Løyve er gitt av fylkesmannen som førsteinstans: 3

Gjennomsnittlig saksbehandlingstid 1,5 månader

Veglova

Det kom inn 1 sak som blei behandla i 2005.

Delingslova

Det kom inn 3 saker i 2004 etter delingslova. Restanse 2

Klage på adresseendring: 1 stadfesta

Klage på kartforretning: 1 stadfesta og 1 oppheva.

Oppgaver under helsedepartementet og sosialdepartementet – Oppdrag frå statens helsetilsyn og sosial- og helsedirektoratet

RESULTATOMRÅDE 71 FOLKEHELSEARBEID

71.1. Folkehelsearbeid generelt

Fylkesmannen skal vere pådrivar for statleg folkehelsepolitikk og gi råd og informasjon, kompetanseheving og rom for erfaringsdeling. I tillegg kjem forvaltning av tilskotsmiddel til lokale folkehelseiltak. 238 000 av dei 350 000,- som Fylkesmannen fekk tildelt for 2004, er gått til lokale tiltak. Oppfølging av Kreftstrategi 2004, tidlegare Nasjonal kreftplan, held fram med satsingsområda grønare kosthald, meir fysisk aktivitet og mindre tobakk.

Folkehelsearbeidet blir gjort i spennet mellom politikk og planverk og treng konkrete tiltak i alle samfunnssektorar. Ei stor utfordring i folkehelsearbeidet framover er å redusere ulikskap i helse. Det vil framleis vere viktig å vidareutvikle det tverrsektorielle samarbeidet - både på fylkesnivå og i kommunane - for å bygge ein betre infrastruktur for folkehelsearbeidet og få folkehelseomsyn sterkare inn i samfunnsplanlegginga, slik både kommunehelsetenestelova og plan- og bygningslova legg opp til.

71.2 Smittevern

Nesten alle kommunane i fylket har smittevernplan, men ikkje alle planane er like oppdaterte. Siste året har ein hatt kontakt med 7-8 kommunar med særskild fokus på smittevern og helsemessig beredskap.

71.3 Miljøretta helsevern

Fylkesmannen har behandla 3 klagesaker om miljøretta helsevern, etter § 4a-12 i kommunehelsetenestelova., og elles gitt råd til kommunane.

71.5 Ernæring og fysisk aktivitet

Det skjer mykje både kommunalt og i frivillige organisasjonar for å fremja fysisk aktivitet i alle aldersgrupper. Organisasjonar som til dømes Rogaland idrettskrins.

Rogaland fylkeskommune har sidan 2002 hatt ansvaret for Fysak/Frisk i friluft. I alt 16 kommunar har til nå slutta seg til Frisk i friluft og er med det forplikta til å leggja til rette for at befolkninga kan vere fysisk aktive i ulike samanheng.

Sosial- og helsedirektoratet i samarbeid med Undervisningsdirektoratet har sett i gang eit eige prosjekt retta mot grunnskular i heile landet. Frå Rogaland er 8 skular med, men gledeleg nok har langt fleire skular enn dei 8 sett fysisk aktivitet på dagsorden. Prosjektet inneheld også arbeid for betre rammer rundt skulemåltidet.

Utdanningsavdelinga og helse- og sosialavdelinga hos fylkesmannen har ansvaret for den lokale oppfølginga av prosjektet.

Grøn resept-opplegget blei innført i 2003, men har fått blanda mottaking. Grøn resept har vore tema på kurs i regi av Rogaland legeförening, etter initiativ frå fylkeslegen.

Mindre bruk av sukker og auka forbruk av frukt og grønsaker er sentrale mål. For å leggje til rette for gode kostvanar i tidleg alder har ein frå sentralt hald fått i stand ei ordning med Skolefruktabonnement.

71.6 Tobakk

Hovudstrategiar i arbeidet mot tobakk er å gje hjelp til røykeslutt og hindra røykestart, særleg blant ungdom. Vel 30 kurshaldarar kan tilby røykesluttkurs ulike stader i fylket. Det er etablert ei eiga nettverksgruppe for kurshaldarane.

VÆR røykFRI er eit velykka program som er utvikla sentralt til bruk i ungdomsskulen, og me arbeider for at fleire elevar skal vere med i det.. I samarbeid med VÆR røykFRI-sekretariatet har Fylkesmannen hatt kurs for 34 lærarar i 2004 og støtta deltakararkulane økonomisk.

71.7 Rettleiing etter alkohollova

Det kom inn 21 saker etter alkohollova i 2004. (23 i 2003).

Vidare vart det gjennomført rettleiing av kommunar, bevillingshavarar og andre

71.8 Svangerskapsomsorga

Fylkesmannen har sendt ut rettleiinga, som vart gjeven ut, til kommunane.

71.9 Helseteneste for asylsøkjjarar og flyktingar

I Rogaland er det 6 kommunar som har mottak.

I 2004 blei det gjennomført landsomfattande tilsyn med helsetenesta til asylsøkjjarar, flyktingar og familiegjeforeinte helseundersøkjingar ved behov.

71.11 Tannhelse

Helsetilsynet i Rogaland har eit nært samarbeid med Fylkestannlegen i Rogaland når det gjeld oppfølging og tilsyn med tannhelsetenesta. Saman har me gått gjennom Helsetilsynet sin rapport 5/2004 om feltet, og det har gitt oss auka fokus på dette i 2004.

Når det gjeld pasientar med opphald i institusjon/omsorgsbolig og brukarar i heimesjukepleien, så er det eit stort sprik mellom kor mange av dei den offentlege tannhelsetenesta har under tilsyn og kor mange kommunane oppgjev til KOSTRA og som har rett til slike tenester.

71.12 Kjønnslēmlesting

Kurs for helsepersonell om kjønnslēmlesting vart halde i 2003.

71.13 Jfr område 71.5

RESULTATOMRÅDE 72 SOMATIKK OG PRIMÆRHELSETENESTE

72.1 Lov helsetenesta i kommunane, klager og godkjenningar

Klager på tenester etter kommunehelsetenestelova kan vurderast på to måtar. Enten klagar pasient eller pårørande på at dei ikkje har fått helsehjelp eller for lite helsehjelp (rettighetsklage), eller så klagar dei på at den helsehjelpa dei har fått ikkje var forsvarleg (tilsynssak). Klagar har ofte ikkje sjølv ei klar oppfatning om dette, så derfor må me "rydde" i sakene. Klage på nødvendig helsehjelp etter kommunehelsetenestelova kan og vere retta mot det enkelte helsepersonellet, slik som for eksempel fastlegen.

72.2 Allmennlegetenesta og fastlegeordninga

Samanlikningstal for fastlegeordninga viser for Rogaland pr 31.12.2004 (tal for heile landet i parentes):

- Berre 40% av listene i Rogaland var ”åpne”, dvs. kunne ta mot nye personar (55,2%). Bare Østfold låg dårlegare an enn Rogaland i dette.

Samlebildet av dette viser ei veletablert ordning, men med liten ekstra kapasitet i Rogaland.

”Listetaket” – kor mange personar som kan stå på kvar liste – blir avtalt med den enkelte fastlegen. Ved årsslutt 2004 hadde 4 kommunar fleire innbyggjarar på fastlegelistene sine enn summen av dei avtalte listetaka. Det var Klepp, Time, Gjesdal og Strand.

Kvar kommune skal syte for at legedekkinga er så god at den kan tilby innbyggjarane sine listeplass hos ein fastlege i den kommunen. I Rogaland var det bare Strand som ikkje oppfylte denne plikta ved årsslutt 2004: der hadde fastlegane 300 fleire av innbyggjarane på listene enn summen av listetaka, og ingen av dei hadde ledig kapasitet. I alle dei andre 26 Rogalandskommunane var det ein eller fleire legar med ledig kapasitet.

RESULTATOMRÅDE 73 PSYKISK HELSE

73.2 Behandling utan eige samtykke

Ein pasient som er under psykisk helsevern, kan på visse vilkår behandlast med medikament utan eige samtykke, slik det er fastsett i § 4-4 i *Lov om etablering og gjennomføring av psykisk helsevern*. Det er ansvarleg overlege på institusjonen som fattar slikt vedtak. Fylkesmannen er klageinstans, og det er vanleg med samtale med den som klagar.

Dei siste fem åra har det gjennomsnittleg vore 52 slike klager årleg, av desse fekk 8 medhald i klagen i 2004. Me har bare tal for påklaga vedtak, og ikkje for kor mange slike vedtak som det alt i alt var i psykisk helsevern.

73.6 Opptappingsplan for psykisk helse

Fylkesmannen i Rogaland ser ei positiv utvikling av det kommunale psykiske helsearbeidet samla sett, i tråd med tilførsla av statlege midlar. Det er stor aktivitet i kommunane på området opplæring og kompetanseutvikling i psykisk helse, og kommunane har jamt over god tilgang på personell. Likeeins har kommunane planane klare for bustadbygging i tråd med tildelte tilsegner frå Husbanken til omsorgsbustader for menneske med psykiske lidningar. Fleire byggjeprojekt er ferdigstilla og tekne i bruk. No er det bare dei minste kommunane i Rogaland som ikkje har utvikla tilpassa dagaktivitetar til innbyggjarar med psykiske vanskar.

Likevel er det nokre kommunar som har vanskar, og det er framleis fleire område i tiltaksapparatet som er lite utvikla. Dette gjeld t.d. styrkinga av brukarmedverknad i kommunalt plan- og utviklingsarbeid, bruk av individuelle planar i samarbeid med enkeltbrukarane, utvikling av tilpassa arbeid, sysselsetjing og opplæring, utvikling av heildøgnsstilbod til menneske med omfattande behov for støtte, og ikkje minst utbygging av behandlings- og oppfølgingstilbod til barn og ungdom med psykiske og psykososiale vanskar.

Kommunane i Rogaland har fått tilført statlege øyremerka midlar til oppbygging av det psykiske helsearbeidet sidan 1995. Det var såleis bygt opp tiltak i kommunane i Rogaland før Opptappingsplanen for psykisk helse starta i 1999. Det øyremerka tilskotet kjem i tillegg til kommunane si eiga finansiering av psykisk helsearbeidsfeltet. Dei fleste kommunane i fylket vårt hadde oppretta stillingar til psykisk helsearbeid før Opptappingsplanen starta. Totalt var det oppretta 60 årsverk til psykisk helsearbeid i 1994.

Det øyremerka tilskotet i 2004 blei utbetalt i tre terminar. Fylkesmannen heldt attende tilskot til sju kommunar, til dei ved årsskiftet 2004-05 hadde innfridd vilkåra for full utbetaling.

Det øyremerka tilskotet har for det meste vore brukt til å finansiera stillingar. Det er ikkje meldt om større vanskar med å få kvalifisert personell til stillingane i Rogaland, bortsett frå eit par mindre kommunar.

Brukarorganisasjonane er i ein etablerings- og oppbyggingsfase, og treng både praktisk og økonomisk støtte for å kunna bli sterkare. Fram til 2003 var det bare eit mindretal av kommunane i Rogaland som sette av ressursar til dette. Nokre kommunar har nært samarbeid med brukarorganisasjonane.

Opptappingsplanen for psykisk helse (1999-2006) har eit forventta måltal på 291 slike bustader til psykisk sjuke i kommunane i Rogaland. Ved utgangen av 2004 har kommunane her fått alle tilsegnene om desse, og i tillegg fekk Rennesøy 4 tilsegner som sto ubrukte elles i landet. I alt har såleis Rogalandskommunane fått økonomisk støtte frå Husbanken til å bygga 295 omsorgsbustader til menneske med psykiske lidningar.

Det er eit overordna mål at minst 20 % av tilskotet skal nyttast til tiltak for barn og unge som har psykiske vanskar eller som står i fare for å utvikla dette.

Me ser at kommunane i Rogaland framleis har ein jobb å gjera for å styrka det psykiske helsearbeidet til barn og ungdom. Nokre kommunar arbeider målretta med å samordna tenestene sine.

Det har i 2004 vore regelmessige møte i *Forum for psykiatri i endring* både for Dalane, Jæren, Sandnes og Stavanger. Desse fora blei etablerte etter initiativ frå Fylkeslegesjefen og Fylkeslegen i Rogaland i 1999, og er nyttige samarbeidsorgan på systemnivå for DPSa og tilhøyrande kommunar.

RESULTATOMRÅDE 74 PLEIE- OG OMSORGSTENESTER

74.1 Kvalitet i pleie og omsorgstenesta

Tilsyn med pleie og omsorgstenester i ulike kommunar syner at tenestetilbodet varierer både i kvalitet og kvantitet. Mange kommunar har ikkje utvikla ein internkontroll kor avvikshandtering fungerer tilfredstillande.

74.2 Eldreomsorg

Jfr. pkt 74.1.

Fylkesmannen har også i 2004 hatt oppfølgingsarbeid knytt til oppføring/fullføring av nye bustadeiningar, som del av fullføringa av handlingsplanen for eldreomsorga.

Arbeidet i Rogaland er i rute, sjølv om nokre få kommunar også i 2004 har endra på planane og kome med andre løysingar som dei meiner er betre.

Arbeidet med utviklingsprogram for betre kvalitet og enklare ordningar i helse- og sosialtenestene heldt fram, særleg med tanke på leing, kvalitetsutvikling og saksbehandling i pleie- og omsorgssektoren.

74.5 Saksbehandling i helse- og sosialtenesta

I samband med behandling av enkeltsaker, vert det tatt kontakt med kommunar for rettleiing.

Saksbehandlingsrettleiinga er kjend i kommunane.

74.6 IPLOS

Vi fekk ikkje delta i introduksjonsprogrammet for IPLOS i Rogaland grunna møtekollisjonar.

RESULTATOMRÅDE 75 SOSIALTENESTE

75.1 Lov om sosiale tenester

I 2004 behandla fylkesmannen 634 klagesaker etter sosialtenestelova, dette er ein auke på 123 saker (24%) frå 2003. Likevel har både saksbehandlingstida og restansen gått ned i 2004.

I 56 saker (9%) fekk klagen medhald, mens 34 saker (6%) er sende attende til kommunane for ny behandling og 10 saker blei avvist. I dei resterande 534 sakene (84%) har kommunen sitt vedtak blitt stadfesta av fylkesmannen. 510 av klagesakene (80%) er behandla etter kapittel 5 i lova (økonomisk stønad), 92 av sakene (15%) etter kapittel 4 (tenester), mens 32 av sakene er behandla etter andre reglar.

Saksbehandlingstida i 2005 er forventa å vere under 1 månad.

75.2 Rettsikkerhet ved bruk av tvang og makt mv.

Fylkesmannen har gjennomført 20 stadlege tilsyn etter sosialtenestelova kap 4A. Alle desse var tilsyn på bakgrunn av vedtak etter kap 4A. Me har ikkje hatt ressursar til å føre tilsyn med mottekne a-meldingar. I 2004 fekk me 2.233 meldingar om skadeavverjande tiltak, mot 1.247 slike i 2003, dette er ein 80% auke.

75.3 –75.7 Kompetanseutvikling mv.

Fylkesmannen har fått i oppgåve frå Sosial- og helsedirektoratet å

- informere kommunane om statlege satsingar,
- følgje opp kompetanse- og kvalitetstiltak i den kommunale sosialtenesta,
- følgje opp Tiltaksplan mot fattigdom,
- stimulere til samordning av aetat, trygd og sosialteneste,
- følgje opp handlingsplan mot rusmiddelproblem.

På denne bakgrunnen har fylkesmannen hatt ulike møte, samlingar og konferansar for kommunane, og særleg då for sosialtenesta. Tema for desse samlingane har vore rusreforma, SATS (no NAV), kartleggingsverktøy i

sosialtenesta, økonomisk rådgjeving, boligsosialt arbeid og rusmidlar. I tillegg arrangerte fylkesmannen ein studietur til Ålborg for leiarane av sosialtenesta i kommunane. Målet med turen var å lære om korleis dei arbeider med bustadlaus i Danmark, og å få informasjon om "det nye Danmark". Det har vore brei deltaking frå kommunane på alle samlingane, også på studieturen.

Kommunane er blitt inviterte til å søkja midlar til kompetanseutvikling knytt til utvikling av samarbeidsrelasjonar på tvers og mellom ulike nivå i høve til arbeid med tunge rusmiddelmissbrukarar eller bustadlaus. Men ingen kommunar har søkt om slike midlar. Dei fleste kommunane strir med å effektivisere tenestene, men iherdige fagfolk ser etter beste evne til at dette ikkje skal gå på kostnad av kvaliteten på tenestene. Me har prøvd å kome i møte dei verksemdene som har kome kortast i å kvalitetssikre tenestene sine, og me ser auka interesse og forståing for dette arbeidet ettersom åra går. Det manglar likevel noko før me kan fastslå at kvalitetsarbeidet er i samsvar med krava i forskrift om internkontroll i sosial- og helsetenesta. No i byrjinga av 2005 har endeleg vegleiaren til denne forskrifta kome frå Sosial- og helsedirektoratet, den heiter "Hvordan holde orden i eget hus" (IS-1183). Me vonar at denne vil vere til nytte i det systematiske forbetningsarbeidet i helse- og sosialtenestene.

RESULTATOMRÅDE 76 RUSMIDDELARBEID

76.2 Rusmiddelarbeid

Fylkesmannen gjennomførte i 2004 systemrevisjonar med sosialtenesta i tre kommunar: Sauda, Sandnes og Haugesund. Tilsyna var del av eit landsomfattande tilsyn med korleis kommunane sikra at rusmiddelmissbrukarar fekk tilgang til tenester regulert i sosialtenestelova kapittel 4, enten misbrukaren var i ein rehabiliteringsfase eller elles trong sosiale tenester.

Det blei avdekka avvik på desse områda:

- Det blei ikkje fatta vedtak på miljøarbeidstenester.
- Det var ikkje etablert eit system som sikra at vedtak om etablering av støttekontakt blei effektivt frå vedtakstidspunktet.
- Det var ikkje etablert eit system som sikrar ein forsvarleg standard på mellombels husvære som kommunen nyttar i høve til sine brukarar.

Sjå rapportar under www.fylkesmannen.no

Fylkesmannen i Rogaland gjennomførte ingen tilsyn med rusinstitusjonar i 2004.

RESULTATOMRÅDE 77 UTVIKLING AV TENESTENE

77.1 Samarbeid mellom 1. og 2. linjetenesta

Det er utvikla samarbeidsavtalar mellom helseføretaka og kommunane om utskrivingsklare pasientar. Praksiskonsulentordninga er veletablert og fungerer godt.

77.2 Rekrutteringsplan for helse- og sosialpersonell

Denne planen er ei oppfølging av handlingsplanen "Rett person på rett plass 1998-2001". Hovudmålet i planen er å styrkje rekrutteringa og kompetanseutviklinga i helse- og sosialtenesta, med særleg vekt på pleie- og omsorgstenesta i kommunane. Fylkesmannen har fått overført i overkant av 4.5 mill kr til stimulering av kommunane sitt arbeid på dette området. Det er sett ned ei referansegruppe for rekrutteringsplanarbeidet, med representantar frå fylkesmannen, fylkeskommunen si opplæringsavdeling, KS og Fagforbundet, NSF, FO og KFO.

Mesteparten av tilskota til kommunane har gått til kvalifisering av ufaglærde og til vidareutdanning av faglærde og høgskuleutdanna personell. I tildelinga av tilskot har me tatt særleg omsyn til dei ulike behova i kommunane. Sosial- og helsedirektoratet har også gitt føringar om at det skal ytast tilskot til desentralisert sjukepleiarutdanning og vidareutdanning i eldreomsorg og psykisk helsearbeid for hjelpepleiarar og omsorgsarbeidarar. 24 kommunar har fått tilskot, og føresetnaden for det er at kommunen har ein oppdatert opplæringsplan for helse- og sosialområdet. Søknadane frå kommunane syner stor opplæringsaktivitet.

Fylkesmannen hadde regionvise samlingar for kommunane saman med dei fylkeskommunale vegleiingssentera for vaksne utdanningssøkjande. Samlingane var for å informere om realkompetansevurdering, og om korleis kommunane kunne nytte sentera til kvalifisering av sine tilsette.

I november arrangerte fylkesmannen ein konferanse med deltidsproblematikk som tema. Dei fleste kommunane deltok på konferansen, og det var stort engasjement

77.4 Sosial og helsemessig beredskap

Fylkesmannen har i 2004 deltatt i kartlegginga av beredskapsplanar i kommunar og helseføretak. Saman med beredskapslaget her ein vore på tilsynsbesøk til 7 kommunar kor smittevern og sosial og helsemessig beredskap har vore diskutert og vurdert. Helseføretaka er betydeleg forsinka i arbeidet med sine beredskapsplanar.

RESULTATOMRÅDE 78 ANDRE LØPANDE FORVALTNINGSOPPGÅVER

78.5 Tillating til å rekvirera sentralstimulerande midlar (SSM)

Fylkesmannen har ansvaret for godkjenning av legar som kan rekvirere sentralstimulerande legemiddel til behandling av pasientar. I 2004 fekk 22 spesialistar i fylket denne godkjenninga, dette var både barnepsykiatrar, barnelegar og nevrologar. Legane kan få denne godkjenninga for eitt år om gongen.

Spesialistane står ansvarlege for diagnostisering og behandling i startfasen. Fastlegen kan søkje om å overta behandlinga av enkeltpasientar under vegleiing av spesialisten, men slike ordningar må godkjennast av Fylkesmannen. I 2004 godkjende Fylkesmannen 596 slike søknader, og det var ca 80% fleire enn i 2003.

78.6 Særfrådrag

Fylkesmannen behandlar saker om særfrådrag ved likninga for særleg store sjukdomsutgifter. Dette er skattyttarar som på grunn av sjukdom eller anna varig svekking har hatt store sjukdomsutgifter. I 2004 hadde me om lag 70 slike saker.

78.7 Førarkortsaker

Fylkesmannen avgjer søknader om dispensasjon frå helsekrava i førarkortforskriftene. I tillegg gir Fylkesmannen melding til politiet om førarkort som skal inndragast på grunn av helsesvikt og/eller misbruk av medikament og rusmiddel.

Tabell 4.1: Førarkortsaker behandla 2000-2004

År	2000	2001	2002	2003	2004
Alle førarkortsaker	793	1272	1294	1101	1355
Journalpostar i førarkortsaker					4176
Inndregne førarkort	150	257	243	278	433
Dispensasjonar					544

78.11 Turnusteneste

Fylkesmannen har ansvaret for å godkjenne og fordele plassar i kommunehelsetenesta for turnuskandidatar. Dei siste åra har permisjonar/sjukmeldingar blant turnuslegane gjort at fleire kommunar med godkjend turnusplass ikkje har fått kandidat, og dette har skapt vanskar for desse kommunane. Men frå 2005 vil det bli ganske mange fleire turnuslegar, slik at Fylkesmannen truleg må be om at nokre kommunar blir pålagde å ta mot turnuslege for å få mange nok plassar.

Fylkesmannen godkjenner også turnusplassar i sjukehus for fysioterapeutkandidatar. Talet på uteksaminerte fysioterapeutar har vore stabilt, men den tronge kommuneøkonomien har gjort at fleire kommunar har takka nei til kandidat. Også i 2005 vil det bli aktuelt å gje pålegg til nokre kommunar for å få mange nok turnusplassar.

Kurs for turnuskandidatar blir arrangert kvart halvår, i samarbeid med fylkesmennene i Agder-fylka. For 2005 er det Rogaland som arrangerer.

01.08.04 ble det tilsett gruppevegleiar for turnuslegar i Rogaland, og denne skal samle turnuslegene til eit par møte i løpet av turnustida. Både Sosial- og helsedirektoratet, Statens autorisasjonskontor for helsepersonell og Fylkesmannen vurderer ordninga med gruppevegleiing som eit viktig tillegg til den vegleiinga turnuslegane får på dei lokale legekantora. Gruppevegleiaren for turnuslegar skal også vegleie vegleiarane på dei legekantora som har godkjent turnusplass.

78.14 Støtte til lokale velferds- og ferietiltak for funksjonshemma

Det er statsbudsjettet sitt kap. 621 - post 74 velferds- og trivselstiltak for funksjonshemma. I 2004 hadde fylkesmannen kr 1.959.000 å fordele, og fekk søknader frå 126 organisasjonar/lag for funksjonshemma om tilskot på i alt 5,5 mill. kr. til 376 ulike tiltak. Frå 2005 skal Fordelingsnemnda i Sosial- og helsedirektoratet fordele desse velferdsmidlane. Fylkesmannen/fylkeslegen har forvalta denne ordninga i mange år, men no overtek altså andre.

78.15 Forpleiing, kontroll og tilsyn med psykiatriske pasientar

Også i 2004 hadde Rogaland 4 kontrollkomisjonar etter *Lov om etablering og gjennomføring av psykisk helsevern*. Fylkesmannen har ansvar for at kommisjonane fungerer, og har også dette året hatt eit godt samarbeid med dei, både administrativt og fagleg. Kostnadene med kommisjonane var i 2004 ca. 1.9 mill. kroner. Som i tidlegare år har fylkesmannen også i 2004 hatt sitt årlege møte med kommisjonane og med dei aktuelle overlegane ved dei psykiatriske institusjonane.

RESULTATOMRÅDE 80 TILSYN OG KLAGESAKBEHANDLING ETTER SOSIALTENESTELOVA

Jfr resultatområde 75.

Kultur- og kyrkjedepartementet sine resultatområde

RESULTATOMRÅDE 81: TRUDOMS- OG LIVSSYSSAMFUNN

Det kom inn 116 saker i 2004 (116 saker i 2003). Fylkesmannen tildelte 3,4 mill. mill. kroner i statsstøtte etter 52 søknader frå 54 trudomssamfunn.

Vidare vedtak om kommunal stønad påklaga. Ingen av desse fekk medhald.

17 av sakene gjeld skifte av forstandar. Det er laga årsrapport og liste over vigslar på fylkesmannen sin nettstad, fylkesmannen.no Mange nytta seg av gratis tilbod om "vasking" av medlemslistene, før krav om innsending av fødselsnummer i 2005. Vi har i tillegg satsa på god informasjon på nettstaden vår.

Utanriksdepartementet sine saksområde

RESULTATOMRÅDE 92 FØREBUING AV SAKER OM HONORÆRE KONSULER

Vi behandla 2 saker i 2004. Vi fekk i tillegg ei sak til orientering.

Vedlegg – oversyn over rapporteringstabellar

- Vedlegg 1 Utbetalningar av tilskott på skoleområdet 2004
- Vedlegg 2 Oversyn over klagesaker utdanning
- Vedlegg 3 Kap. 226 post 21 Kvalitetsutviklingsmidlar til kommunane og fylkeskommunen
- Vedlegg 4 Utbetalningar av tilskott på barnehageområdet 2004
- Vedlegg 5 Rekneskapstal – alle løyvingar frå UFD 2004
- Vedlegg 6 Årsrapport modernisering og omstilling i kommunane